



MØTEINNKALLING

Utval: Eldrerådet

Møtedato 03.12.2018

Møtetid: Kl. 12.00

Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til sørvissenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissenteret.

Solveig Vassenden
Leiar av utval

SAKLISTE**Saker til handsaming på møtet**

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/2018	18/1713	Faste saker	
004/2018	18/556	Uttale til budsjett 2019	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll fra førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Linda-Sofie Frøland	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 18/1713	Løpenr: 18/9074
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	03.12.2018	003/2018

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvælet sitt kvarter.

Oversikt over innmelde referat-/orienteringssaker:

Trafikkurs:

Trafikkurs for vaksne sjåførar er eit tiltak som aukar trafikktryggleiken. Det er kome innspeil om at ein skal sjå om det er mogeleg å arrangera eit slikt kurs i Samnanger.

St.meld 15. «Leve hele livet»

Kort informasjon.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Heidi Fossdal	Arkivkode: FE-151
Arkivsaksnr: 18/556	Løpenr: 18/9031
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	03.12.2018	004/2018

Uttale til budsjett 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen har ikke framlegg til vedtak i saka.

Dokument som er vedlagt:

Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022

Rådmannen sine merknader økonomiplan 2019-2022

Vedlegg 1_Skriv frå fylkesmannen om Statsbudsjettet 2019 _ kommuneoppblegget

Vedlegg 2_Premiss budsjett 2019 Kontrollutvalet og Kyrkja

Vedlegg 3_Budsjettframlegg kontrollutvalet 2019

Vedlegg 4_Budsjettframlegg 2019 frå Samnanger kyrkjestyre

Vedlegg 5_Budsjettkjema_rådmannen sitt framlegg_inkludert oversikter_driftstiltak og investeringstiltak

Vedlegg 6_Kommunale avgifter og gebyr 2019

Vedlegg 7_Gebyrregulativ 2019_bygggesaker_plansaker_oppmaaling

Dokument som ikke er vedlagt:

Kva saka gjeld:

Framlegg til budsjett 2019.

Vurderingar og konsekvensar:

Eldrerådet har uttalerett til framlegg til budsjett. Uttalen frå Eldrerådet vert sendt vidare til Kommunestyret i samband med budsjethandsaminga.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Charlotte Hageberg	Arkivkode: FE-151
Arkivsaksnr: 18/556	Løpenr: 18/8788
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet		
Kommunestyret		

Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettkjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering.

Det vert tatt opp eit lån på kr 22 millionar i 2019 til finansieringa av Skottabakken. Lånet skal betalast ned over 50 år og ha to avdragsfrie år. Me vil i tillegg ta opp eit byggelån på 10.486.000 kroner som vil bli tilbakebetalt så snart Husbanken betalar ut sitt tilskot.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 700 000 kroner kroner i 2019. Dette er lagt til grunn i økonomiplanframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om forlenga løpetid på lån i samsvar med dette.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2019:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemde.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

6 av 142

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2017 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksem, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

Dokument som er vedlagt:

Rådmannen sine merknader økonomiplan 2019-2022

Vedlegg 1_Skriv frå fylkesmannen om Statsbudsjettet 2019 _ kommuneopplegget

Vedlegg 2_Premiss budsjett 2019 Kontrollutvalet og Kyrkja

Vedlegg 3_Budsjettframlegg kontrollutvalet 2019

Vedlegg 4_Budsjettframlegg 2019 frå Samnanger kyrkjestyre

Vedlegg 5_Budsjettkjema_rådmannen sitt framlegg_inkludert oversikter_driftstiltak og investeringstiltak

Vedlegg 6_Kommunale avgifter og gebyr 2019

Vedlegg 7_Gebyrregulativ 2019_bygggesaker_plansaker_oppmaaling

Kva saka gjeld:

Rådmannen har utarbeidd eit framlegg til økonomiplan for 2019 -2021 som skal handsamast av formannskapet i møte 22.11.2018 og i kommunestyret 13.12.2018. Første året i økonomiplanen er også budsjettet for 2019.

Utgangspunktet for den framlagde økonomiplanen er kommunestyret sine premissvedtak vedtak der det vart fastsett eit mål om å ha eit positivt netto driftsresultat på 2,0 % i 2019. Me leverer no eit positivt netto driftsresultat på 1,92% i 2019. I tillegg vart det gjort eit premissvedtak om å setja av 6 millionar på disposisjonsfondet i 2019, dette leverer me på.

Rådmannen har i sitt framlegg lagt til grunn dei fleste av føringane som vart gitt i premissar som er komne gjennom kvalitetsdialogen våren 2018.

Det er som vanleg lagt ned mest tid til utarbeiding av budsjettet for det første året i perioden. For å koma i mål med desse økonomiske måla for 2019 har heile organisasjonen jobba særdeles godt for å sjå på områder me kan effektivisera og evt omstilla for å få kostnadane nede, dette utan at det vil gå ut over verken kvaliteten på tjenestane til innbyggjarane ei heller dei ansatte.

På inntektssida har me sikra oss gjennom å inngå avtale på sal av konsesjonskrafta vår i 2019, dette skapar forutsigbarhet i eit marknad som fort kan snu begge veier. Me har teke høgde for endringar i eigendomskatten på verk og bruk i økonomiplanperioden. Staten har uttalt at dei vil kompensera for et inntektsfrafall. Me har lagt til grunn ein økt skatteinngang på 1 million kroner. Innanfor sjølvkostområde legg me til grunn høgare satsar for å nærma oss et faktisk sjølvkostnivå og justerer opp prisane med 5% på avløp, feiring blir indexregulert mens vatn og slam blir ståande i ro.

Dagsenterprisen blir behalde på 80 kr mens me tar betalt for middag i tillegg.

Middagsprisen på heimen og til heimebuande vert justert til 110 kr.

Når det gjeld utgifter, har kommunen god styring, men det me ser er at me er nøydd til å fortsetja investera i ein del programvare på ulike hold som er høgst naudsynte for å holda tritt med utviklinga. Me har vald å setje ut driftinga av IKT til IKT NH frå desember av. Dette er gjort av hensyn til at me må ha fokus på kjernevirkosomheita vår, for å skapa løysingar som gjev oss forutsigbarhet og at me må ha løysingar som gjer at me heng med i den stadig aukande digitaliseringa som foregår i markedet rundt oss.

Her ser me at me er avhengig av å samarbeida med andre kommunar for å klara å levera. Me har vurdert bruken av First Responder og har vald å dra denne ned noko i 2019 då me ser at bruken av denne er nedadgåande og er ikkje ein del av våre lovpålagde oppgåver. Me har kun lagt inn first responder i fyrste kvartal då dette skal utgreiast korvidt me skal videreføra bruken av denne innan 1 april.

Kommunen har høg lånegjeld, og utviklinga i renta er derfor ekstra viktig for kommunen sitt handlingsrom. Me har lagt til grunn ei flytande rente på 2,1 % i 2019. Delar av låna våre er på fastrente, og den er stort sett høgare enn det. For desse låna er sjølvsagt den reelle kostnaden lagt inn. FS/KS bør vurdera om me skal binda ein større andel av lånegjelda vår.

Vurderingar og konsekvensar:

Framlegg til økonomiplan tilfredsstiller krava om eit forsvarleg og oppfyller slik det ligg no vil me levera eit positivt netto driftsresultat på 1,92% og avsetning til disposisjonsfondet på 6 millionar kroner.



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -



Foto: Samnanger kommune

Samnanger kommune

Budsjett 2019

og

Økonomiplan 2019 - 2022

Rådmannen sitt framlegg

Innhold

Rådmannen si innleiing	Side 3
Rammevilkår	Side 6
Befolkningsutvikling	Side 5
Hovudtal i budsjettframlegget	Side 6
Oversikt netto driftsutgifter i rådmannen sitt framlegg	Side 12
Gjennomgang av driftsbudsjetta for dei einskilde områda:	
Rådmannen	Side 13
Rådmannskontoret	Side 13
Barnevern	Side 13
Politisk nivå og revisjon	Side 14
Rådmannen sin stab	Side 15
Sektor for samfunn og utvikling	Side 17
Teknisk forvaltning	Side 17
Teknisk drift	Side 19
Kultur og folkehelse	Side 21
Sektor for helse og omsorg	Side 23
Helse	Side 25
Sjukeheim	Side 25
Heimetenesta	Side 26
Funksjonshemma	Side 26
NAV	Side 26
Sektor for oppvekst	Side 28
Barnehage	Side 28
Skule	Side 29
Vaksenopplæring	Side 32
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	Side 32
Investeringar	Side 34

Vedlegg:

- Vedlegg 1. Skriv frå fylkesmannen om Statsbudsjettet 2019—kommuneoppblegget
- Vedlegg 2. Premiss budsjett 2019 Kontrollutvalet og Kyrkj
- Vedlegg 3. Budsjettframlegg frå kontrollutvalet—kontroll og tilsyn
- Vedlegg 4. Budsjettframlegg frå Samnanger kyrkjestyre
- Vedlegg 5. Budsjettkjema—rådmannen sitt framlegg (inkludert oversikter, driftstiltak og investeringstiltak)
- Vedlegg 6. Kommunale avgifter og gebyr 2019
- Vedlegg 7. Gebyrregulativ 2019, byggesak, plansak, oppmåling

HOVUDFOKUS

- Gjera innbyggjarar fornøgde
- Sikre god økonomistyring
- Effektivisera drifta vår
- Holda sjukefråveret lågt
- Jobba etter verdiane våre
 - ⇒ Kvalitet
 - ⇒ Tillit
 - ⇒ Framsynt

råDMANNEN SI INNLEIING

Bakgrunnen for rådmannen sitt arbeid med økonomiplanen for 2019-2022 er «premiss for budsjett og økonomiplan 2019-22» frå våren 2018.

- Økonomiske konsekvensar/prosessforbetringar IKT
- Økonomiske behov Totræna vinterpark
- Sortering av plast
- Gratis skulemat
- Setje av 6 mill på disp.fondet
- Resultatkrav på 2 %
- Kyrkja sitt budsjett
- Kontrollutvalet sitt budsjett

Fornøgde innbyggjarar:

Rådmannen ynskjer at me skal levera over det som innbyggjarane forventar frå oss i kommunen. For å klara dette ynskjer me å koma i meir dialog og ynskjer derfor å setja i gang eit prosjekt som har eit arbeidsnavn «Livet frå ung til gamal i Samnanger». Me er faktisk til for dei! Me startar på nyåret med å intervju ulike brukargrupper blant innbyggjarane våre og vil høyra kva dei forventar og ynskjer av oss.

Dette vil henge saman med Samfunnsplanen vår.

God økonomistyring:

I 2019 skal me styrka disposisjonsfondet vårt ved å setja av 6 millionar. Det er særstakt viktig dei neste 2-3 åra å byggja opp fondet slik at me står betre rusta til å kunna ta framtidige utfordringar som brått kan oppstå. Renta er på veg opp, me har utfordrande naturhendingar og andre uforutsette hendingar kan og plutselig kome opp. Ein kommune av vår størrelse bør ha eit disposisjonsfond i størrelseorden 15 millionar på bok.

Effektivisera drifta:

På bakgrunn av både kostratal, kommunebarometer og utfordrande økonomi beslutta rådmannen i oktober å henta inn ein konsulent for å sjå på korleis me driftar i alle einingar. Han ser ikkje på fag men på effektivitet/logistikk. Prosessen vidare er å ferdigstille rapport som peikar på områder der me kan effektivisera drifta vår. Me vil saman med einingsleiar og konsulent gå inn i gode prosessar for å koma i mål. Tillitsvalde er tett på i desse prosessane. Me startar allereie i november og kjem til å jobba med dette i heile 2019.



Sjukefråvær:

Me har jobba aktivt i heile 2018 for å få ned sjukefråværet. Dette har me gjort gjennom leiarutvikling/kursing av dei tilsette i mange ulike aspekter knytta til sjukefråvær. I 2019 vil me fortsetja å ha STOR fokus på å halda sjukefråværet på eit lavt nivå vidare som i 2018.

Målsettingar sjukefråvær			
Samla sjukefråvær i heile kommunen 6,5%			
Rådmannskontor og stab	3,8%	Sjukeheim	4,0%
Teknisk forvaltning	3,8%	Helse	3,8%
Sørvissenter	3,8%	Kultur	3,8%
Teknisk drift	3,8%	Ungdomsskulen	4,5%
NAV	3,8%	Barneskulen	4,5%
Heimetenesta/Funksjonshemma	7,0%	Barnehage	7,0%

Verdiar:

Me har gjennom 2018 jobba ut felles verdiar der kvar eining sjølv har sagt noko om kva desse betyr i praksis kvar for seg.

Overordna betyr dette:

Kvalitet

Innbyggjarane skal oppleva rett og forsvarleg tjenestelevering

Tillit

Me skal byggja gode tenester gjennom gode tenester og dialog.

Framsynt

Me skal vera best rusta til å møta nye utfordringar

Me skal leggja til rette for nytenking og utvikling

I all vår utførelse av tenester og i møte med innbyggjarane våre skal me tilstreba å etterleva verdiane på ein god og positiv måte.

BEFOLKNINGSUTVIKLING

I Samnanger forventar SSB at folketalet vil vera omtrent uandra dei neste fire åra. Talet småbarn er forventa å gå ned med nærmere 4% på landsbasis fram til 2022. I Samnanger ventar SSB at talet barn under skulealder skal gå ned med 24,2%. Ut frå prognosene kan me få den 3. største prosentvise nedgang i talet småbarn.

Det er omtrent uendra tal skuleelvar i Norge i åra framover, jf. SSB. I følgje prognosar kan talet skulelevar i Samnanger auke med 2,8% dei nærmeste åra.

Nasjonalt er det førebels ikkje stor eldrebølge. På landsbasis er det forventa ei auke på 8% i talet innbyggjarar over 80 år. I prognosa for Samnanger forventar ein 3,2% færre innbyggjarar over 80 år dei neste åra.

Vekst i skatteinntekta er knytt opp mot innbyggjarar i yrkesaktiv alder, dvs aldersgruppa 20-66 år. I Samnanger er det venta ein nedgang på 3,2% færre yrkesaktive innbyggjarar dei neste fire åra (SSB).

For kommunar med vekst/nedgang i folketalet kan ein rekne med høgare/lågare vekst i rammetilskotet enn gjennomsnittet. For Samnanger forventer SSB at folketalet vil vera uendra dei neste fire åra.

Framskriving Folketal—frå kommunebarometeret

326 plass

Nøkkeltal	Omtale	Kjelde	Verdi	Karakter	Plass
Folketal	Endring neste 4 år	Prognose SSB	-0,9	2,3	250
Barnehage	Endring neste 4 år	Prognose SSB	-24,2	1	354
Grunnskule	Endring neste 4 år	Prognose SSB	2,8	4,9	90
Eldre	Endring neste 4 år	Prognose SSB	-5,3	6	16
20-66 år	Endring neste 4 år	Prognose SSB	-3,2	1,8	286
Netto Innflytting	Netto innflytting innanlands, i % av innbyggartalet	SSB	-0,7	3,1	245



Samnanger kommune

– der du vil leva og bu –

HOVUDTAL 2019 - 2022

HOVUDTAL I 2019

- **Tal innbyggjarar:**
⇒ 2 476 pr. 01.07.2018
- **Netto driftsresultat:**
⇒ Overskot kr 4,2 mill
- **Avsetjing til disposisjonsfondet:**
⇒ kr 6 mill
- **Driftsinntekter:**
⇒ kr 216,65 mill
- **Driftsutgifter:**
⇒ kr 213,49 mill
- **Netto driftsresultat i % av brutto driftsutgifter:**
⇒ 1,92 %
- **Lånegjeld:**
⇒ kr 224 mill
- **Nye lån i 2019:**
⇒ Skottabakken kr 22 mill
⇒ Forskottering Husbanken kr 10 486000
- **Rente på lån i 2019:**
⇒ 2,1 %

I statsbudsjettet for 2019 er det rekna med ein nominell skatteauke på 1,8 % og ein samla pris- og kostnadsvekst (deflator) på 2,8 %. Fylkesmannen i Hordaland si oppsummering av statsbudsjettet ligg vedlagt og detaljane kan lesast der. Det som kan nemnast spesielt, er regjeringa si satsing på helsestasjon og skulehelseteneste, frivillegssentral og tidleg innsats i skule og barnehage. Satsing på tidleg innsats er eit øyremerka tilskot på ca kr 610 000 medan tilskot til helsestasjon- og skulehelseteneste (kr 398 000) og frivillegssentral (kr 414 000) vert tildelt særskilt og inngår i rammetilskotet til kommunen.

Det er lagt inn som ein føresetnad i Samnanger kommune sitt budsjett at skatteutviklinga i 2019 vert noko over landsgjennomsnittet. KS sine prosesser er brukt og i tillegg er det lagt inn ei auke på 1 mill. kroner.

Eit av måla med budsjettet er å sikra gode tenester for innbyggjarane innanfor rammene av ein sunn økonomi. Det er vedtatt endring i eigedomsskattelova frå 1.januar 2019, og me har ikkje full oversikt over korleis den vil slå ut og om kommunen vil få fullt ut kompensert for inntektsbortfall. Me har budsjettert ut i frå det som er sagt om at kommunane skal få kompensasjon. Det er og i dette statsbudsjettet foreslått endring knytt til eigedomsskatt. Endringane som er foreslått og som vil gjelde frå 2020 er formulesgrunnlag på alle hus, maksgrense for promillesats på hus og redusert skattegrunnlag. Endringane vil gje redusere inntekt frå eigedomsskatt i Samnanger. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet.

	2017	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekt	-216 630	-216 646	-217 084	-213 420	-215 180
Driftsutgift	215 861	213 489	210 682	211 662	212 910
Brutto driftsresultat	-769	-3 157	-6 402	-1 758	-2 270
Netto driftsresultat	-1 602	-4 166	-3 571	-684	-1 386
i % av inntekt	0,74 %	1,92 %	1,64 %	0,32 %	0,64 %
Avsett til disp.fond	1 481	6 073	7 032	1 302	2 651

Kommunen sine inntekter

Den største delen av kommunen sine inntekter kjem frå rammetilskot og skatt. Kommunen har òg betydelege inntekter frå eigedomsskatt.



Frå og med 2017 har kommunen fått utbetalingar frå Havbruksfondet. Alle kommunar og fylkeskommunar, som har klarerte lokaliteter for oppdrett av laks og aure i sjøvatn, får ein respektiv del av inntektene som vert fordelt årleg. Havbruksfondet består av 80 % av det staten tener på å selge vekst i oppdrettsløyve. Utbetalingar frå fondet varierer og vil annakvart år ha lågare utbetaling frå fondet. 2017 var første året for utbetaling. Då fekk kommunen kr 43 371. I 2018, som er eit år med høg utbetaling, har kommunen fått 2,2 mill. kroner. Utifra informasjon frå fiskeridirektoratet og statsbudsjettet for 2019 vil kommunen få utbetalt ca. 0,5 mill. kroner i 2019, forutsatt same %-vise del av totalsum som skal utbetalast. I økonomiplanperioden er det lagt inn utbetaling på 0,5 mill. kroner i 2019 og 2021 og 2,2 mill. kroner i 2020 og 2022.

Skatt og rammetilskot:

Alle tal i tabellen nedanfor er i 1.000 kr (2017 er rekneskapstal):

	2017 R	2018	2019	2020	2021	2022
Rammetilskot	-78 280	-79 044	-80 830	-79 951	-78 507	-78 414
Skjønn	-3 510	-2 400	-2 300	-2 300	-2 300	-2 300
Inntektsutjamning*	-3 516	-1 165	-2 402	-2 402	-2 402	-2 402
Skatt på inntekt og formue	-62 225	-66 847	-66 592	-66 592	-66 592	-66 592
Naturressursskatt	-4 426	-4 270	-4 270	-4 270	-4 270	-4 270
Sum	-151 957	-153 726	-156 394	-155 515	-154 071	-153 978

*inntektsutjamning har samanheng med skatt

Det kommunale skatteøret er i statsbudsjettet redusert frå 11,8 % til 11,55 % i 2019.

Oversikt over korleis rammetilskot vert berekna finn me her:

- <https://frieinntekter.regjeringen.no/frie-inntekter-2018/>

Eigedomsskatt

Det er i økonomiplanen lagt til grunn eigedomsskatt på næring med 7 % og på hus og hytter med 2,4 % og eit botnfrådrag på kr 100 000. Kommunestyret har eit ynskje om at eigedomsskatt på hus og hytter skal reduserast, men det har det ikkje vore rom for å ta inn i denne økonomiplanperioden.

Nemninga verk og bruk er fjerna frå eigedomsskattelova som trer i kraft 1.januar 2019. I den nye eigedomsskattelova er dette no næring. Dette påverkar kva som skal takserast og kva som vert lagt til grunn. Alle verk og bruk er blitt taksert på nytt i 2018, men takstane er ikkje ferdige pr. oktober. Det er i budsjettet lagt til grunn at kommunen vil få kompensert for bortfall av inntekter.

Eigedomsskatt på kraftanlegg, linjer og trafostasjoner: Fordelingsnøklane på kraftanlegga vart endra frå og med 2017 og gjev kommunen lågare inntekter frå eigedomsskatt. Det same er resultatet av Statnett II dommen som m.a. seier noko om avskrivingstid. Statnett ynskjer at handsaming av dei nye takstane vert utsett til den nye planboka er på plass. Dette har ikkje sakkunnig nemnd for eigedomsskatt tatt stilling til endå. Redusert eigedomsskatt som følgje av dommen er lagt inn i økonomiplanperioden.

Alle tal i tabellen nedenfor er i 1.000 kr (2017 er rekneskapstal):

Eigedomsskatt	2017 R	2018	2019	2020	2021	2022
Kraftanlegg	-3 904	-3 074	-3 069	-4 194	-5 804	-5 979
Anna næring, tidl.verk og bruk	-4 065	-4 065	-3 600	-3 600	-3 600	-3 600
Næring	-439	-514	-522	-522	-522	-522
Hus og hytter	-5 239	-5 100	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200
Sum	-13 647	-12 753	-12 420	-13 545	-15 155	-15 330

Konsesjonskraft:

Kommunen har inngått avtale med Kinect energy om sal av kraft i 2019. Denne avtalen sikrar kommunen ei inntekt på kr 5 mill. i 2019. For perioden 2020—2022 har me lagt BKK sine prognosar til grunn.

I 2018 har kommunen selt til BKK med fastpris frå 01.07.18 . Inntekt i 2018 vert ca. kr 5,4 mill.

Alle tal i tabellen nedenfor er i 1.000 kr (2017 er rekneskapstal):

	2017 R	2018	2019	2020	2021	2022
Konsesjonskraft	-3 228	-3 110	-5 000	-5 000	-4 200	-4 200

Andre inntekter:

Kommunen tok imot 16 flyktningar i 2016 og 4 i 2017. Dette får kommunen tilskot til frå IMDI (Integrerings- og mangfoldighetsdirektoratet). Me har valt å budsjettera utgifter og inntekter knytt til flyktningane nøytralt frå og med 2020. Det er knytt ein del usikkerheit til dette. God integrering er ein føresetnad.

	2017 R	2018	2019	2020	2021	2022
Tilskot IMDI	-4 663	-3 835	-2 028	-1 482	-286	0

Brukarketing, sal og leigeinntekter: Mange av desse satsane vert styrt av staten (maksimumssatsar) eller vert avgrensa av reglane om sjølvkost. Det er svært få område kommunen kan ha gevinst ved sal, men me bør ha som mål at dei fleste gebyra er på eit nivå som sikrar sjølvkost.

Kommunen har i fleire år hatt gebyr som sikrar sjølvkost innafor vatn, avløp og slam. Dei siste åra har me òg fått på plass sjølvkost på feiring. Det er òg område der det må inn prisauke utover vanleg prisauke på 3 % for å nærme oss sjølvkost. Dette gjeld for eks SFO og gebyr på teknisk forvaltning. Investering og renovering av avløp gjer at prisen og her må auke utover prisauke.

Sal av sjukeheimspllassar: Både i 2017 og 2018 har kommunen selt sjukeheimspllassar til nabokommunar. Det er pr. oktober ikkje inngått avtale om sal i 2019, men tilbakemelding frå Os kommune er at dei ynskjer å kjøpe pllassar i 2019. Før me går inn på ny avtale må me og sikre at det er ledig kapasitet. Me vil ha meir kunnskap om dette litt nærmare årsskiftet. Det er i budsjett 2019 lagt inn sal av 2 pllassar i 4 mnd., totalt kr 0,8 mill.


Kommunen sine utgifter

Ca 68 % av kommunen sine driftsutgifter er lønsutgifter. Budsjetterte pensjonsutgifter aukar frå 2018 til 2019 med ca. kr 200 000 . Kommunen har to pensjonsselskap (KLP og SPK) som begge har som føresetnad at lønsveksten i 2019 vert høgare enn i 2018. Budsjett for lønsoppgjeren i 2019 er budsjettert samla på ansvar 1120. Kommunen budsjetterer med kjent refusjon på alle einingar og med bufferstillingar på sjukeheim og heimetenester.

Samnanger kommune har dei siste åra investert mykje i bygg, både nybygg og renovering. Dette gjer at avskrivingskostnadene er høge. Avskrivingane har auka frå 8 mill. kroner i 2016 til 13,3 mill. kroner i 2019. I kostra-samanheng vil høge avskrivingskostnader (og nye bygg) slå ut negativt dersom me ikkje går bak tala når me samanliknar oss med andre kommunar.


Lånegjeld og renter:

Det vart i september 2018 vedtatt finansiering av bygging av bufellesskap på Skottabakken og ras- og flaumsikring på Reistad. Oppstart er noko forseinka, i tillegg er det unytta lånemidlar i 2018 som kan brukast til å finansiera utgift i 2018. Lånet på til saman 22 mill. kroner bør derfor takast opp i 2019. Husbanken betaler ut tilskot først etter at tiltaket er avslutta. Kommunen må derfor og ta opp eit byggelån på 10,486 mill. kroner. Byggelånet vert betalt attende når Husbanken betaler ut tilskotet. Fleire investeringar i 2019 er overført frå 2018 og vert finansiert med unytta lånemidlar eller fond.



Årleg kostnad med eit lån på 1 mill. kroner vil grovt rekna vere kr 25 000 i avdrag (40 år) og kr 21 000 i rente (2,1 % rente). Det er både i Kommunalbanken (KBN) og Den norske bank sine prognosar lagt inn forventningar om noko renteauke i økonomiplanperioden. Det er i budsjettet lagt til grunn ei rente i samsvar med KBN sine prognosar på 2,1 % i 2019, 2,6 % i 2020, 3 % i 2021 og 2,8 % i 2022. Det er brukt 3% frå og med 2023.

Det har vore låg rente i fleire år og den låge rentekostnaden har hatt betydning for kommuneøkonomien dei siste åra. Kommunen har pr. 2.t 2018 32 % av lånegjelda med fast rente. Det vil vera ein meirkostnad på lån som har fast rente, men fordelen er at kommunen ikkje er så sårbar ved ei evt. renteauke. Det har vore diskutert kor stor del av kommunen si lånegjeld som bør vere med fast rente. Det har vore einighet om at kommunen bør ta litt risiko og på den måten unngå å betale for mykje i renter, og heller bygge seg opp ein buffer på disposisjonsfondet. Med ei lånegjeld på 232 mill. kroner og 32 % med fast rente vil det koste kommunen ca. kr 500 000 årleg å binde renta i 5 år på 70 % av lånegjelda. 70 % er jf. finansreglementet den øvre grensa for kor stor del som kan ha bunde rente.




Minimumsavdrag:

I kommunelova § 50 står det kva kommunane minimum må betale i avdrag på gjeld. Ved å flytte låneneoptak knytt til Skottabakken til 2019 vil kommunen kunne redusere avdrag som skal betalast i 2019. Berekning viser at avdrag på lån kan reduserast med kr 700 000 i 2019. Dette frigjer midlar i driftsbudsjettet og har ingen vesentlege konsekvensar for kommunen.

Premieavvik:

Kommunen har to pensjonsselskap: SPK (Statens Pensjonskasse) for lærarar i skulen og KLP (Kommunal Landspensjons-kasse) for sjukepleiarar og andre tilsette. Dei har utarbeidd prognosar for premieavvik og bruk av fond for heile økonomiplanperioden som er lagt inn i budsjettet. Netto inntekt frå premieavvik og fond varierer frå 5,7 mill. kroner i 2019, 7,1 mill. kroner i 2020 og til 4,7 mill. kroner i 2022. Netto premieavvik har stor innverknad på budsjettet til kommunen. Grafen under har rekneskapstal for 2014-2017 og 2018* er estimert rekneskaptal.

**Fond****Dispositionsfond:**

Dispositionsfondet er kommunen sin buffer for å kunne møta uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt og som kan brukast både i drift og investeringsrekneskapen. Etter fleire vanskelege rekneskapsår med lite i avsetning til fond, vart det avsett til dispositionsfondet både i 2016 og 2017. Det er òg budsjettert med avsetting til fond i 2018 på 1,4 mill. kroner. I løpet av året er det løyvd kr 700 000 av dispositionsfondet. Dersom rekneskapen for 2018 går i balanse, vil dispositionsfondet vera på kroner 6,5 mill. pr. 01.01.2019. Kommunestyret har gjort vedtak om å sette av til dispositionsfondet med kr 6 mill. i 2019 og kr 4,4 mill. dei neste åra. Det er også vedtatt å finansiere underskotsgaranti for konsert på kr 200 000 med dispositionsfondet. Dispositionsfondet bør opp på minimum kr 10 mill. for å kunne fungere som buffer. Med eit driftsnivå som kan sette av årleg til dispositionsfondet vil det både gje økonomisk tryggleik mot endringar i inntekts- og utgiftsnivå, og det vil kunne brukast til å finansiere mindre prosjekt.

	2017 R	2018	2019	2020	2021	2022
Dispositionsfond	5 829	6 560	12 433	19 664	20 966	23 617
Netto avsett	5 622	731	5 873	7 031	1 302	2 651

Fond Sima—Samnanger:

Bruk av midlane vart bestemt i kommunestylesak 15/12 og det har i åra etter vore fleire omdisponeringar, mellom anna til veg til Totræna og breiband. I økonomiplanperioden er det foreslått å omdisponere den årlege løyinga til musikkbinge på kr 5 000 og restsum VVA Bjørkheim til badevik Bjørkheim, til saman kr 345 502.

I økonomiplanperioden vert det brukt kr 90 000 årleg til førebyggande ungdomsarbeid. Pr 2022 vil det stå att kr 39 319 av denne løyinga. Lån frå fondet til mellom anna innføring av eigedomsskatt er tilbakebetalt i 2017 og planlagt tilbakebetalt i 2018, totalt 2,656 mill. kroner.

Næringsfondet:

Av fondet vert det gitt tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og til verksemder under etablering. Kommunen bruker fondet aktivt til å finansiera eigne tiltak knytt til næringsverksemd, og finansierer mellom anna stillingsressurs som arbeider med næring. Frå 2019 er det foreslått å auka innsatsen som vert gjort mot næring og stillingsressursen vert auka frå 10 % til 40 %. I 2019 er det budsjettet med bruk av næringsfondet med totalt 1,1 mill. kroner. Av dette er kr 100 000 til samfunnssdelen av kommuneplanen og kr 115 000 til å dekka arbeidsoppgår- ver med reguleringsplan i Børddalen og Hagabotnane. Det er også disponert kr 100 000 til breiband. Konsesjonsavgift på kr 979 457 vert avsett til fondet kvart år. Disponibelt fond for 2019 er på kr 175 636. I tillegg kjem evt. sal av tomtar på Lønnebakken som vil bli tilbakeført til fondet.

Ubunde investeringsfond

Kommunen har to ubunde investeringsfond (ubunde investeringsfond og nytt ubunde investeringsfond). Bud- sjettet saldo ved utgangen av 2018 vil vere på om lag 4,5 mill. kroner inkludert utbetalingar av tippemidlar på 1,2 mill. kroner til krøllgrasbana. Det er ikke budsjettet med bruk av nytt investeringsfond (grøn konsesjon) i 2019. Me forventar å få tilbakeført resten av tippemidlar til krøllgrasbana i 2019 med 1,3 mill. kroner. Det er også søkt om tippemidlar til friidrettsbana på 1,056 mill. kroner, men dette er ikke tildelt endå. I budsjettet har me lagt inn utbe- taling i 2020.

Det er i økonomiplanen foreslått følgjande bruk og avsetting til fond sett samla:

	2019	2020	2021	2022
Forventa IB 2019	4 511 912			
Nettbrett, utskifting kommuneval	-154 000			
Badevik Bjørkheim	-254 598			
KLP eigenkapitaltilskot	-691 000	-691 000	-691 000	-691 000
Løn og økonomisystem	0	-1 490 000	0	0
Ungdomsskulen, oppdradering av skolemiljø	-100 000			
Bruer	-450 000			
Gangveg til Hagabotnane	-300 000			
Brøyteutstyr	-120 000			
Skilt og merking av vegar mm	-250 000			
Sum bruk av fond	-2 319 598	-2 181 000	-691 000	-691 000
Forskottering Tyssetunnelen	1 750 000			
Netto sal prestebustad	3 647 955			
Tippemidlar	1 300 000	1 056 000		
Sum avsett	6 697 955	1 056 000	0	0
Sum netto ubunde inv.fond	4 378 357	-1 125 000	-691 000	-691 000
Fond pr 31.12.	8 890 269	7 765 269	7 074 269	6 383 269

Netto driftsutgifter**Oversikt netto driftsutgifter i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2019 - 2022**

Alle tal er i 1 000 kroner. R = rekneskap B = budsjett

	2017 R	2018 B	2019 B	2020 B	2021 B	2022 B
Rådmann, stab	7 836	9 439	10 102	10 326	10 326	10 326
IKT, servissenter og politisk nivå	7 652	8 269	9 063	9 148	9 266	9 266
Barnevern. Ansvar 3201	5 563	5 693	5 868	5 868	5 868	5 868
Næringsføremål/ konsesjonskraft. Ansvar 14*	-3 231	-3 067	-4 901	-4 901	-4 101	-4 101
Sum rådmann	17 820	20 334	20 133	20 442	21 360	21 360

Felles skule og barnehage mm inkl adm. Ansvar 2000 *	7 800	7 399	5 649	4 975	4 975	4 975
Barnehage Ansvar 2040	14 309	14 265	15 444	15 444	15 444	15 444
Barneskulen Ansvar 2210	18 878	20 466	21 176	21 241	21 305	21 305
Ungdomsskulen Ansvar 2230	10 570	10 824	11 442	11 442	11 442	11 442
Sum sektor for oppvekst	51 556	52 954	53 712	53 102	53 166	53 166

Administrasjon helse og omsorg.						
Ansvar 30*	437	656	70	592	592	592
Funksjonshemma. Ansvar 3100	10 167	10 592	9 544	9 465	9 465	9 465
Sjukeheim. Ansvar 3110	21 156	20 988	21 349	22 433	22 433	22 433
Heimetenester. Ansvar 3120	13 626	14 689	14 328	14 182	14 182	14 182
NAV. Ansvar 3200	2 802	3 202	3 102	3 147	3 147	3 147
Flyktningekontor Ansvar 3202	4 015	4 000	2 132	1 485	286	0
Helsetunet. Ansvar 33*	10 165	10 948	11 281	11 281	11 681	11 681
Sum sektor for helse og omsorg	62 367	65 076	61 807	62 585	61 787	61 501

Administrasjon samfunn og utvikling. Ansvar 4000	817	681	398	398	398	398
Teknisk forvaltning. Ansvar 41*	7 828	7 665	7 672	7 498	7 498	7 498
Teknisk drift. Ansvar 42*	13 363	11 976	11 854	11 600	11 600	11 600
Kultur Ansvar 45*	6 248	6 539	6 965	6 949	6 949	6 949
Sum sektor for samfunn og utvikling	28 256	26 861	26 889	26 445	26 445	26 445

Sum netto finans ansvar 9*	-159 999	-165 224	-162 540	-162 574	-162 758	-162 472
-----------------------------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------

For nærmere informasjon vert det vist til gjennomgangen av dei einskilde sektorane/områda på dei neste sidene.

*effektivisering på sektor for oppvekst er lagt på ansvar 2000

HOVUDFOKUS

- Gjera innbyggjarar fornøgde
- Sikre god økonomistyring
- Effektivisera drifta vår
- Holda sjukefråværet lågt
- Jobba etter verdiane våre
- Ytterlegare styrka leiarkompetansen i Samnanger kommune sin organisasjon

RÅDMANNEN

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr :

	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Rådmann. Ansvar 11*	1 017	1 295	995	945	945
Barnevern. Ansvar 3201	5 641	5 693	5 868	5 868	5 868
Næringsføremål/konsejsjonskraft. Ansvar 14*	-3 257	-2 857	-5 000	-4 200	-4 200

Årsverk 2019		
Eining/teneste	Årsverk	Merknad
Rådmann	1,00	

Rådmannsgruppa består av rådmannen og to sektorleiarar. Av desse er det berre rådmannen si løn som blir ført på ansvar 11.

Midlar til leiraopplæring er budsjettet på ansvar 11. Rådmannen foreslår å setja av midlar til leiaropplæring kvart år i heile økonomiplanperioden.

Barnevern

Samnanger kjøper barneverntjenester fra Bergen kommune. I rådmannen sitt framlegg for 2019 er det lagt inn indeksjustering, men ikkje ekstra midlar ut over dette.

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr:

	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Administrasjon/saksbehandling	1 440	1 601	1 657	1 657	1 657
Tiltak i familien	174	414	425	425	425
Tiltak utanfor familien	4 027	3 678	3 781	3 781	3 781
SUM	5 641	5 693	5 868	5 868	5 868



POLITISK NIVÅ OG REVISJON

Rådmannen sitt framlegg er basert på same møtefrekvens i kommunestyret, formannskapet og utvala som i 2018. Det er lagt inn midlar til gjennomføring av val i 2019 og 2023. Det er ikkje foreslått endringar i utvalsstrukturen eller i talet på folkevalde i økonomiplanperioden.

Møtegodtgjelse til røystestyra

Valstyret vedtok i juni 2017 (sak 005/2017) at medlemmer i røystestyra ved val skal få same møtegodtgjersle som andre folkevalde i kommunen. Det er i rådmannen sitt budsjettframlegg lagt inn midlar til møtegodtgjersle til røystestyra i 2019 og 2021.

Utskifting av nettbrett til folkevalde i 2019 kroner 154 000.

Revisjon og kontrollutval

Rådmannen har i framlegget til driftsbudsjett for 2019 og resten av åra i økonomiplanperioden lagt inn den budsjettsummen til revisjon og kontrollutval som går fram av kommunestyret sitt vedtak 13.09.2018 i (sak 037/2018). Budsjettsummen er 750 000 kroner.



RÅDMANNEN SIN STAB

HOVUDMÅL

- Ha god kvalitet på tenestene og gje god sørvis

Årsverk 2019		
Eining/teneste	Årsverk	Merknad
Økonomikontoret	1,90	
Løns- og personalkontoret	2,00	
Sørvissenteret	2,85	+ mellombels 100% stilling til aug 2019
IKT-avdelinga	2,00	
Rådgjevar	1,00	
Rådgjevar (jurist)	1,00	Omgjering av controller-stilling
SUM	10,75	

Rådmannen sin stab omfattar økonomikontor, løns- og personalkontor, sørvissenteret, IKT-avdeling og rådgjevar.

Det er i rådmannen sitt framlegg ikkje foreslått endringar i talet på faste årsverk i staben i økonomiplanperioden, men ei stilling (controller) er foreslått omgjort.

Følgjande tiltak ligg inne i rådmannen sitt framlegg:

Driftstiltak:

- 100% stilling som rådgjevar (jurist). Gjeld omgjering av ein noverande stillingsheimel i staben (2019).
- Ny kommunal heimeside (2019).
- Vidareføring av noverande mellombelse ekstrastilling ved sørvissenteret fram til august 2019.
- Datasystem for gjennomføring av innkjøpskonkurransar (2019)
- Frikjøpsressurs til Norsk sjukepleiarforbund (2019)
- Auka frikjøpsressurs til Utdanningsforbundet (2019)
- Tilskot/eigenandel breiband kr 100 000 i 2019
- Kjøp av kostrahjelp-verktøy kr 27 300 årlege utgifter på kr 29 800

Investeringstiltak:

- Flytting av kommunen si IKT-drift til IKT Nordhordland (2019).
- Skifte av økonomi- og lønssystem (2020).
- Nytt budsjetterings-, rapporterings- og publiseringssverktøy (2020)



LØN OG PERSONAL

- Løn- og personalkontoret har utfordringar med noverande lønnssystem. Det er tungvindt og legg opp til mykje manuelt arbeid.
- HR vil være tvinga til i framtida å investera i mykje meir digitale løysingar for å driva effektivt.

ØKONOMIKONTORET

- Det er mangel på gode digitale løysingar til f.eks fakturering av eigedomsskatt.
- Det vil åra framover være eit aukande behov for verktøy som kan ta i seg meir rapportering og controller-funksjonar som gjer at me kan ytterlegare arbeida meir digitalt.

SØRVISSENTER

- Manglar godkjende arkivlokale.
- Digitale løysingar som kan brukast i dialog med innbyggjarane som eksempelvis chatte-funksjonalitet.
- Det bør sjåast på å utbetra lokalitetane rundt sørviscenteret for å kunna tilby innbyggjarane betre tenester.

GENERELT

- Behov for ulike digitale verktøy som digitale skjema, digital signering m.m.



HOVUDMÅL

Kvalitet- Tillit-

Framsynt

Kvalitet – At innbyggjarane opplever rett og forsvarleg tenestelevering

- Framtidsretta arealforvaltning
- Tilfredsstillande drikkevatn
- Livskvalitet gjennom auka kulturaktivitetar og fysisk aktivitet

Tillit - *Me skal byggja tillit gjennom gode tenester og dialog*

- God dialog og sørvis
- Vera eit levande og klimanøytralt lokalsamfunn.
- Auka samarbeid gjennom frivilligkeit

Framsynt – *Best rusta for å møta nye utfordringar . Leggje til rette for nytenking og utvikling*

- Fokus på samfunns- og næringssutvikling
- Verte digital – eByggessak
- Vera rusta for raske samfunnssendringar og jobba smart

SEKTOR FOR SAMFUNN OG UTVIKLING

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (R=rekneskap, B=budsjett):

	2017 R	2018 B	2019 B	2020 B	2021 B	2022 B
Administrasjon samfunn og utvikling. Ansvar 4000	817	681	398	398	398	398
Teknisk forvaltning. Ansvar 41*	7 828	7 665	7 672	7 498	7 498	7 498
Teknisk drift. Ansvar 42*	13 363	11 976	11 854	11 600	11 600	11 600
Kultur Ansvar 45*	6 248	6 539	6 965	6 949	6 949	6 949
Sum sektor for samfunn og utvikling	28 256	26 861	26 889	26 445	26 445	26 445

Samfunn og utvikling er sektoren kor det lokale handlingsrommet er stort. Kommunen si arealplanlegging gjev den viktigaste retninga på kommunen si satsing på infrastruktur, samferdsle, nærings- og tettstadutvikling. Planen gjev og føringar på kommunen si natur- og landskapsforvaltning, kulturmiljø, klima- og energisyn. Digitalisering og ny teknologi opnar opp for nye måtar å drive forvaltning og kommunisera med innbyggjarane. Det vil igjen føre til krav om raskare handsaming, vera i forkant med plan og publisering av kommunale tenester innafor plan og bygg, beredskap, vatn, avløp, veg, bygg vedlikehald og reinhald, samt folkehelse og kultur. Sektoren har jobba ut sine mål gjennom to samlingar ut frå verdiane;

Kvalitet – Tillit – Framsynt.

Lokalt kvalitetsmål – Samfunns og næringsutvikling

Eit av hovudmåla i 2019 og utover er å få auka fokus på samfunns- og næringssutvikling i Samnanger. Rådmannskontoret og sektoren ønskjer i større grad å få jobba meir strategisk i lag med politikarane på tiltak som kan gje ei ønska utvikling for kommunen. Dette er finansiert med næringsfondet og konsekvensen vert ein nedgang på budsjettet. Revitalisering av Ytre-Tysse og Fossen bratte er pågående prosjekt kommunen deltek i. Det er og ønskje om å kome vidare med tettstad- og næringsutvikling på Bjørkheim, og få til ein dialog med næringsdrivande om framtidas Samnanger.

Teknisk forvaltning – framtidsretta arealplanforvaltning, klimanøytralt samfunn, eByggessak.

Dei største utfordringane i sektoren ligg innanfor teknisk forvaltning og korleis eininga skal innfri politiske ønskje og forventningar. Eininga sine tenester er knytt til plan- og byggessaker, samt oppmålingsarbeid. Eininga driv i hovudsak med forvaltning av Plan- og bygningslov, matrikkellov og sekundærloverk som naturmangfold lov, forureiningslov m.v. Deler av aktiviten er knytt til gebyr og sjølvkostprinsippet.



Samnanger kommune
– der du vil leva og bu –

I tillegg er beredskap som brann og feiing lagt til eininga. I frå 2019 er og First responder samla under Beredskap og brann i eininga.

Utfordring og utviklingstrekk – Plan, byggesak, matrikkel og oppmåling

Utviklingstrekk – digitalisering og jobbe smart

- Teknisk forvaltning leverer tenester i stor grad innanfor lovpålagte tidsfristar for gebyr, og særskilt byggesak har svært låg sakshandsamingstid. Varierande saks mengde gjer det til tider vanskeleg å forutseie inntekt og sjølvkostgraden. Låg byggaktivitet siste året har gjort det mogleg å ha kapasitet og fleksibilitet til andre oppgåver og planar (TS-plan, parkeringsplan, Fossen bratte prosjektet, Skottabakken, mm.)
- Plan- og bygningsloven sine krav og fristar for vedtak fører til auka behov for kompetanseutvikling og tilpassing av kapasitet. For ein liten kommune er det eit svært stort og breitt saksområde eininga skal handtera. Me har relativt god fagkompetanse på ordinære oppgåver, men må søkje juridisk hjelp eller konsulenthjelp på utfordrande saker.
- Planstrategien som er under arbeid vil gje grunnlag for både kva oppgåver og ressursar som er nødvendig for at eininga skal kunne innfri kommunestyret sine forventingar og vedtak dei neste åra. I økonomiplanperioden er det ikkje ressursar til å ha to planleggarar i eininga, og oppgåvene må tilpassast dette.
- Digitalisering av byggesakshandsaminga – eByggeSak, kan først verte tatt i bruk når arbeidet med å rette opp matrikkelen og ny heimeside er på plass. Tidlegast i 2020.
- Gjennom Kommunekart.com legg Samnanger ut sine planar, eigedomar og infrastruktur til allmenta. Det er svært arbeidskrevjande å få lagt inn kontinuerleg informasjon og data i kartet. I 2019 vert det mykje og omfattande omregistrering av grunnlagsdata i matrikkelen. Dette gjeld og for kommunane som ikkje vert slått saman, men for alle som skal inn i det nye fylket Vestland.
- Teknisk forvaltning har ambisjon å kome ajour og få ein revisjon av både kommuneplanen sin arealandel, samfunnsdel og planstrategi i tråd med lover og forskrifter. Desse planane skal ha ein revisjon i løpet av valperioden, dvs. kvar 4 år. Kroner 100.000 frå næringsfondet er sett av til arbeidet med samfunnsdelen.

Driftstiltak/Investering

- Miljø og forureining – kr 20.000 til opprydding, og tiltak bl.a sortering av plast.
- Fossen bratte – vidareføring av prosjektet. Det vil verte avklart i 2019 om kommunen skal gå vidare med tiltaket.
- Badevika på Bjørkheim. Samarbeid med BOF. Totalt 2 millionar. 1 mill. i statstilskot, Kommunal andel ved bruk av fond og tilskot HFK og stiftingar.

Utfordring og utviklingstrekk – Brannvesen , First responder og feietenesta

Samnanger har frå 2014 kjøpt brann og feieteneste frå Bergen brannvesen. Feietenesta er eit sjølvkostområde med 100 prosent utgiftsdekning og påfører ikkje utgifter på kommunen sine budsjett.

Utviklingstrekk – kostnadsnytteanalyse

- Samnanger har framleis det overordna personalansvaret for 0,17 årsverk fordelt på 16 konstablar. I ROS-analyse av branntenesta i Samnanger vart det avdekkat at det må skaffast nok mannskap, med tilstrekkeleg kompetanse på dagtid. Turnusplan må sikra at minimum fire personar er klar til innsats på skadestaden innan 10,20,30 minutt. Ein person er difor tilsett i teknisk drift (h-2018) og skal inngå i brannberedskapen på dagtid. Opplæring skjer i regi av Bergen brannvesen. Det er sett av kr 188.600 til opplæring og fornying av sertifikata, samt til nye arbeidsklede.
- Arna stasjon inngår i dimensjoneringa til Samnanger, og overordna vakt vert ivaretatt av Bergen brannvesen. First Responder utfører tenester for ambulansen i Samnanger. Dette har vist seg å vera opplevd som ein tryggleiksverdi for innbyggjarane. Etter samordning med Arna har talet på utrykkingar gått ned, og det er færre utrykkingar på Samnanger sin bil. Det er difor ønskje om å få ein kostnad-nytteanalyse av First Responder lagt fram til politisk handsaming før 2. kvartal. I budsjettet er det lagt inn ei innsparing frå andre kvartal på kr 567.600. Dersom det ikkje er politisk ønskje om denne vurderinga, må det verte tilført ressursar på brann.
- Brannbilen til kommunen er gammal og det er store vedlikehaldsutgifter med å halde den køyrbar. Bergen brannvesen skal skifte ut sine bilar. Kommunen har gjeve signal om å få kjøpa ut ein brukt bil derifrå.
- Brannstasjonen treng utbetringar, og desse vert vurdert i samband med vedlikehaldsplana for alle kommunale bygg.

Teknisk drift – *Plan for byggmassen, nytt VA på Ytre-Tysse og asfaltering Tveit.*

Eininga har ansvar for effektiv drift, vedlikehald, forvaltning og utvikling av kommunen sin eigedomsmasse, vegar, vatn og avlaup.

Utfordring og utviklingstrekk – Kommunale bygg og uteområde

Samnanger er blant dei 100 beste på årets kommunebarometer når det gjeld energibruk og byggvedlikehald. Kostnaden med byggingsmassen til kommunen ligg på om lag 113 kroner pr. kvadratmeter og 120 kroner pr. kvadratmeter til vedlikehald. Samnanger har eit potensiale til å få meir effektiv utnytting av areala og meir miljøvenleg ressursbruk.

Politisk vedtak:

Kommunestyret gjorde i budsjettet vedtak der dei bad administrasjonen om ei optimalisering av bygningsmassen – omfang og kostnad, samt heis i kommunehuset (KS-58/17).

Grunna vakanse i leiarstillinga ved teknisk drift var dette ikkje mogleg å få gjennomført i 2018, og oppgåva er overført til 2019 med *Plan for bygningmassen*.

Utviklingstrekk – plan bygningsmassen og effektivisering

- I 2019-budsjettet har teknisk drift bedt om å få eit «status-år» der dei får tid til å registrera bygga i Famac. Eininga treng difor våren 2019 til å lage ein plan over bygningsmassen som viser status, behov for vedlikehald, potensiale for innsparingar og framtidige bruksområde for alle kommunale bygg og uteområde.

Det er difor ikkje lagt inn tiltak frå nokon av bygga utover det som ligg i ordinært periodisk vedlikehald. Målet er å ha planen klar til handsaming i junimøtet til kommunestyret, slik at den kan vere grunnlag for økonomiplanen 2020-2024, og investering behovet dei neste 10 år.

- Det er fortsatt mogleg å få redusert energikostnader på bygga med kontinuerleg skifte til LED-lys.
- I januar vert det starta ein effektiviseringsprosess ilag med tillitsvalde og tilsette i reinhaldsavdelinga. Insta 800, ny teknologi og digitalisering gjennom vedlikehaldssystemet Famac vert lagt til grunn. Det kan gje ei innsparing på tenesteområdet på om lag kr 350.000 frå hausten av.

Utfordring og utviklingstrekk – Veg og vintervedlikehald

Samnanger har omlag 25 km kommunal veg. I 2018 fekk kommunen overført drifta av Tyssevegen gjennom Ytre-Tysse. Eininga har no godt og variert utstyr til både kantrydding og vintervedlikehald.

Kommunale vedtak:

- Kommunestyret sak 8/17 – utarbeide reguleringsplan for veg til Hagabotnane. Kommunestyret får traséval til 1. ganghandsaming ved årsskiftet og skal då ta stilling til vidare framdrift.
- Kommunestyret gjorde og vedtak om ny vegmodell med mål om bærekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter og rettferdig fordeling (sjå KS-58/17). Naturutvalet har bedt kommunestyret om å presisera kva som er mandatet for vedtaket.

Utfordringar – Asfaltering, skilt og LED-lys

- Det er eit etterslep på vedlikehald av kommunale vegar. I 2019 er det sett av 1,6 millionar til opprusting av vegen på Tveit. I investeringsbudsjettet er det lagt opp til 1 million årleg til opprusting, rassikring, asfaltering og utskifting av veglys. Liavegen har den mest utfordrande vegestrekninga, der det og gjekk eit ras som medfører behov for tilleggsløyving.
- Auka nedbør utsett ein del av vegane for overvatn og slitasje. Grøfting og auka vedlikehald er nødvendig. Dårleg vegdekke og hjulspor gjer brøytinga vanskeleg og utsett vegdekket ytterlegare for slitasje. Tyssevegen – frå Ytre-Tysse til Barmen er utfordrande å halde «svart» i vintersesongen grunna underkjøling, og kan gje auka brøytekostnader. Eit ekstra brøyteskjær er og med å gjere brøytinga meir effektivt.
- Skifte til LED-lys på veglysa vil føre til lågare energikostnader og vera i tråd med lovkrav. I økonomiplanen er det frå 2020 ekstra ressursar til å gjera ei gradvis utskifting i tråd med løvningane på vegbudsjettet.
- Beredskap ved spesielle hendingar som t.d. uvær, har ført til behov for delt vaktberedskap vintertid.

Investering

- ROS-tiltak for utbetring av bru på Jarland – overført kr 450.000 frå 2018 til 2019
- Asfaltering og vegutbetring Hagabotnane – Tveit – 1,6 millionar. i 2019.
- Brøyteskjær kr 120.000.
- Skilting – adresseskilt og skilting kommunale vegar – kr 250.000 i 2019
- Veglys – skifte til LED-lys frå 2020 og utover årleg kr 200.000.
- TS-tiltak – pri 1. Nytt kryss Ådland. Planlegging i 2019 i samarbeid med SV og HFK.
- TS-tiltak—pri 2. Gangveg Hagabotnane.

Utfordring og utviklingstrekk – Vatn og avløp

Eit av dei viktige fokusområda til kommunen er å ha tilfredsstillande drikkevatn med hygienisk kvalitet og høg leveringsstabilitet. Vatn og avløp er underlagt sjølvkost. Eventuelle underskot/overskot må derfor verte sett av på eller dekka frå fond. Fondet skal over tid gå i null. Gebyra må difor verte regulert i forhold til fondet. Gebyra på vatn vert difor i 2019 som for 2018 og 2017, medan gebyr for avløp vert auka med 5%. Kapitalkostnadane knytt til investering inngår i gebyrberekningane for vatn og avløp.

Utfordringar – fleire ny abonnentar

- Vasskvaliteten til kommunen sitt vassverk er høg og kommunen har ein høg leveringsstabilitet. I rosanalyse vert det likevel krav om reservevasskjelde i tilfelle Myra må strengast ned. Det er fleire måtar å etablera ei reservaløsing på og kommunen skal ha ein plan klar for dette til januar 2019.
- I 2019 vert ein del av arbeidet innan driftseininga å få bygt ny vass- og avløpsledning frå Indre til Ytre-Tysse.
- Samstundes er det starta ei kartlegging av vass- og avløpsledningane i dette området. Målet er å få dette arbeidet gjennomført for heile kommunen. Kartlegging skal då kunna gje oss grunnlaget for vidare utbygging, rehabilitering og bustad-/næringsatsing dei neste 5-10 og 30 åra. I dette arbeidet vil det verta vurdert om kommunen bør innføra vassmålar.

Investering

- Nytt VA – Indre - Ytre-Tysse 6 millionar og oppstart i 2019.
- Nytt/rehabilitere Høgdebassenget i Nordbygda, overført ca. 1,4 millionar frå 2018 til 2019
- Reservevasskjelde for Myra vassverk – 3 millionar i 2020
- VA - årleg investering, avsett 4 millionar til rehabilitering, utviding av leidningsnett – Haga, Steinsland, Bjørkheim, Nordbygda.

Folkehelse og Kultur – livskvalitet, fleire leveår og frivilligheit

Folkehelse er integrert i både arbeidet innan kultur, samfunnsutvikling og plan. Kultur dekker tenesteområdet til kulturkontoret, kulturskulen, frivilligsentralen og biblioteket. I tillegg har verksemda ansvar for «allmenn kultur», som spenner over ulike ansvarsområder innan barn og unge, friluftsliv, idrett, kino, kulturvern, kunst- og kulturformidling, lokalhistorie, tilskotsfordeling, den kulturelle skulesekken og spaserstokken. Kyrkja og andre trusamfunn vert omtala for seg.

Utviklingstrekk – kulturaktivitetar og fysisk aktivitet

- I 2019 er det særskilt fokus på aktivitetar for barn og unge og tiltak knytt til barnefattigdom. Det vil verte oppretta kulterkort for desse og ein utstyrssbank hos frivilligsentralen.
- Tenesteområdet har i løpet av 2018 fått til eit svært godt samarbeid med lag og organisasjonar og mange frivillige. Me ser ein start på ein god kultur for å få til samarbeid på tvers av alder, nasjonalitet og livsfasar. Mange aktivitetar er starta opp og kan verte sjølvgåande. Det er føresett i budsjettet å vera aktiv sokjar på alle tilskot for å få mest mogleg delfinansiering av aktivitetar og tiltak.

- Frivilligentralen og biblioteket er viktige og gode medspelarar i samarbeidet med frivillige om å dele på oppgåvane i lokalsamfunnet vårt.
- Samningaveko har i år og vore vellukka, og den ser ut til å ha etablert seg som årleg arrangement der kommunen er ein sentral medspelar. Det ser og ut til at me frå 2019 og kan få delta i Kystsogevukene.
- I framtida vil dei skiftande ungdomskulturane stille større krav til fleksibilitet og nytenking på kva tilbod og arena ungdomen ønskjer å ha i kommunen. Det er ønskje om eit meir ope bibliotek. Dette må ein sjå i samanheng med teknisk drift sin plan for bygningsmassen.
- Det er ei nasjonal satsing for å fremje barn og unge si psykiske helse og livskvalitet. Innfor dette har Samnanger kome langt i det systematiske arbeidet gjennom tverrfagleg samarbeid for barn og unge (TS). Det står likevel att å gjera ein analyse på områda som kommunen har dårleg skår på i folkehelseprofilen. Profilen vil verte lagt fram til politisk handsaming i løpet av våren 2019.

SEKTOR HELSE OG OMSORG

Hovudmål

Heile sektoren

- Fremje helse og førebyggje sjukdom
- Fagleg forsvarlege tenester
- Rett og nødvendig kompetanse
- God nytting av tildelte ressursar/ effektiv drift
- Sjukefråvær lågare enn landsnittet

Helse

- Utgreie mogleg nytt legevaktsam arbeid

Sjukeheim

- Sal av institusjonsplassar
- Tilsette med desentralisert sjukepleiarutdanning
- Effektivisering

Heimetenester

- Ta i bruk ny teknologi
- Effektivisering

Funksjonshemma

- Arbeide med prosjekt nytt senter
- Effektivisering

NAV

- Alle flyktningane i arbeid/skule
- Alle flyktningane har gjennomført introduksjonsprogrammet
- Meir tid til gjeldsrådgjeving
- Komme godt i gang med prosjekt

I budsjett 2019 er det lagt opp til eit stramt budsjett med mål om effektivisering.

Organisasjonsgjennomgang hausten 2018 syner rom for effektivisering og einingane tek utfordringa. Einingane vil gjennom ulike tiltak og prosessar finne desse romma og setje inn tiltak der det er mogleg.

Ei utfordring er at alle lover/forskrifter og reformar gjeld like mykje for Samnanger kommune som for dei store kommunane. Sjølvsagt i mindre målestokk men planarbeid, avtalar, kvalitet, internkontroll mm må likevel vera på plass.

Det er også viktig at sektoren har som mål å søkje midlar/tilskot til ulik aktivitet. Kva kommunen greier å skaffe av midlar/tilskot vil kunne avgjere kva tiltak og reformer som vert gjennomført/implementert i sektoren.

Stortingsmelding 15, «Leve hele livet» vil vera eit viktig dokument for planlegging av økonomiperioden.

Dette er ei eldrereform med mål om:

«Reformen Leve hele livet skal bidra til at eldre kan mestre livet lenger, ha trygghet for at de får god hjelp når de har behov for det, at pårørende kan bidra uten at de blir utslitt og at ansatte kan bruke sin kompetanse i tjenestene. Meldingens hovedfokus er å skape et mer aldersvennlig Norge og finne nye og innovative løsninger på de kvalitative utfordringene knyttet til aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, sammenheng og overganger i tjenestene.»

Regjeringen legger opp til en prosess hvor kommunestyrene behandler og vedtar hvordan reformens løsninger kan innføres. Når dette er gjort, og kommunene har beskrevet hvordan de vil utforme løsningene, starter arbeidet med å gjennomføre reformen. Kommuner som omstiller seg i tråd med reformen vil prioritere innenfor relevante eksisterende og eventuelle nye øremerkede ordninger. Reformperioden vil starte 1. januar 2019 og vare i fem år med ulike faser for planlegging, gjennomføring og evaluering.»



Tidligere reformer har ofte handlet om systemer. Leve hele livet handler om mennesker. Det som er viktigst i livet. Fellesskap, aktivitet, god mat og helsehjelp. Med Leve hele livet skal eldre få mulighet til å mestre eget liv der de bor, hele livet.

Målgruppen er eldre over 65 år, både de som bor hjemme og de som bor i institusjon. Dette er en målgruppe med ulike forutsetninger og store variasjoner i behov og ønsker.»

Sektoren

Netto budsjettramme

(2017 er rekneskapstal)

R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
62 367 (1)	65 076 (2)	61 807 (3)	62 585 (4)	61 787	61 501

(1) Introgram. (2) Introgram. (3) Effektiviseringstiltak, sal av institusjonsplassar, reduksjon/vakanse i stil-lingar samt ikkje tilsetje sektorleiar. (4) Litt meir på effektivisering, men ikkje sal av instiusjonsplassar og sektorleiar er lagt inn igjen.

Kommunebarometeret er ei måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her vert kommunane rangert etter 141 nøkkeltal, på tvers av 12 ulike sektorar (der helse og omsorg veg tyngst). Dette vert gjort ved hjelp av offentleg tilgjengelege data.

Her finn ein kva plass ein er på samanlikna med dei andre kommunane, rangering med karakter frå 1 til 6 der 6 er best og vert visualisert med grøn farge. I økonomiplanen vel me å ta med nokre av desse områda.

Merknad: Tala som vert publisert i juni 2018 gjeld for drift 2017.

Det går bra med Samnanger på mange områder og det ser ut som me har fokus på dei rette tinga.

Me kjenner våre innbyggjarar/drift og veit kva me må levere på «topp», og på kva områder me toler litt «dårlegare» plassering.

Kommunebarometeret peikar på områder der det er mogeleg å kutte kostnader.

Innan pleie og omsorg ligg kostnadane litt under det som er normalnivået samanlikna med andre.

Organisasjonsgjennomgangen hausten 2018 peikar likevel på at det er rom for effektivisering og at at pleie og omsorg kan driftast meir økonomisk utan at det får konsekvensar for nivået på tenestene.

Helse

Årsverk: 11,3

Fordelt på einingsleiar, psykolog, lege, helsestasjon, jordmor, fysioterapi, psykiatri og helsesekretær.

Netto budsjettrammme

(2017 er rekneskapstal)

R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
10 165	10 948 (1)	11 281	11 281	11 681	11 681

(1) Psykolog

Samanlikna med andre har Samnanger god legedekning, men lågare dekning på helsesøster og jordmor. Psykiatri og rus er satsingsområde. Låg dekning på tilsette med vidareutdanning innan psykisk helse, men lite ansiktstid. Grunn til gjennomgang. Må fortløpende vurdere legevaktordninga.

Sjukeheim (25 plassar)

Årsverk: 25,54 (inkl produksjonskjøkken) + 1,8 (leiar og sakshandsamar)

Netto budsjettrammme

(2017 er rekneskapstal)

R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
21 156	20 988 (1)	21 349 (2)	22 433	22 433	22 433

(1) Låg inne sal av plassar kr 2,4 mill. (2) Ligg inne sal av plassar kr 800 000 + effektivisering kr 850 000.

Samanlikna med andre kommunar har 85 prosent av bebuarane omfattande pleiebehov (landet sett under eitt 80 prosent). Det tyder på at dei som bur på Samnangerheimen krev meir enn pasientar i andre sjukeheimar samt at me i Samnanger har fått til ei dreiling frå institusjon mot heimetenester.

Gjennomgang av drifta syner at produksjonskjøkenet kostar ca kr 53 000 pr bebuar pr år (innkjøp + lønskostnader). Ligg litt høgare enn dei beste på grunn av volum, samt ope i helga. Konklusjon er at produksjonskjøkenet fungerer bra.

Skal vera mogeleg å effektivisere drifta. Lagt inn mål om innsparing på kr 850 000 i 2019.

Det er lagt inn forventa sal av institusjonsplassar. Eit sal er avhengig av mogeleg kjøpar. Sal vil kunne påverke tilgang til plassar for eigne innbyggjarar.

Utfordringar knytt til kompetanse og tilgang på sjukepleiarar gjer at kommunen må satse på desentralisert sykepleiarutdanning. Nytt kull tek til hausten 2019.

Heimetenesta

Årsverk: 13,32 (inkl ressurssjukepleiar demens og kreft/palliasjon) + **2,2** (leiar + sekretær)

Netto budsjetttramme

(2017 er rekneskapstal)

R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
13 626	14 689	14 328	14 182	14 182	14 182
	(1)	(2)			

(1) Utfordrande å få leige ut på Tyssekaien + meir rett fordeling mellom institusjon og heimetenester (2) Ligg inne effektivisering kr 1 050 000

Statistikk syner at Samnanger har greidd å dreie tenestetilbodet mot heimetenester. Dette er bra.

Skal vera mogeleg å effektivisere drifta. Lagt inn mål om innsparing på kr 1 050 000 i 2019.

Funksjonshemma

Årsverk: 12,63 (inkl leiar)

Netto budsjetttramme

(2017 er rekneskapstal)

R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
10 167	10 592	9 544	9 465	9 465	9 465
		(1)			

(1) Omorganisering + effektivisering kr 550 000

NAV

Årsverk: 2,1 (prosjekt kjem i tillegg)

Netto budsjetttramme

(2017 er rekneskapstal)

R 2017	2018	2019	2020	2021	2022
6 815	7 202	5 235	4 632	3 434	3 147
(1)	(2)	(3) (4)			

(1) introduksjonsløn. (2) introduksjonsløn. (3) Fleire flyktningar ut i vidaregående skule/jobb + redusert stilling som flyktningkonsulent ned til 20%. (4) Lagt inn 10% til gjeldsrådgjeving. Reduksjon vidare i perioden er knytt til integrering.

Eit av områda innanfor vår sektor som er rosa/raud i kommunebarometeret er sosiale ytingar. Både i Samnanger og nasjonalt ser me ei utvikling med fleire mottakarar av sosiale ytingar og at dei er lengre på ytingane. Noko forklaring er at staten har skjerpa inn sine reglar og at sakshandsaming tek lang tid.

Dette tek me på alvor og har søkt og fått midlar til eit prosjekt (lønnsmidlar til prosjektstilling/koordinator ca kr 550 000) i inntil 3 år der fokus er å «snu» brukarane i døra. Dvs å få dei i aktivitet og ut or vanskelege situasjonar så snart som mogeleg. Dette trur me er mogeleg med tett oppfølging av den enkelte.

HOVUDMÅL

Å gjera kvarandre gode, og villa kvarandre vel

Mål skule og barnehage:

- Ein god stad å vera
- Ein god stad å læra

Barnehage

- Implementera ny rammeplan

Barneskule

- Godt læringsmiljø
- Tilpassa undervisning
- Fagfornyinga

SFO

- Gje tilbod til dei som ynskjer SFO
- Sjølvkostprinsippet

Ungdomsskule

- Tilpassa undervisning
- Godt læringsmiljø
- Vurdering for læring
- Fagfornyinga

Vaksenopplæring

- Levera gode tenester og komma raskt i gong med opplæring for dei som treng det

Vaksenopplæring

- Jobba systemretta med førebyggjande arbeid
- Rådgjevande teneste

SEKTOR FOR OPPVEKST

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2017 er rekneskaps-tal):

	R 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021	B 2022
Felles skule og barne-hage mm inkl adm. Ansvar 2000	7 7800	7 399	5 649	4 975	4 975	4 975
Barnehage Ansvar 2040	14 309	14 265	15 444	15 444	15 444	15 444
Barneskulen Ansvar 2210	18 878	20 466	21 176	21 241	21 305	21 305
Ungdomsskulen Ansvar 2230	10 570	10 824	11 442	11 442	11 442	11 442
Sum sektor for oppvekst	51 556	52 954	53 712	53 102	53 166	53 166

Budsjettet for 2019 ligg på eit svært stramt, men forsvarleg nivå. Grunnlaget for budsjettarbeidet er mellom anna lover og forskrifter og Samnanger sin strategiplan for oppvekst.

Tiltak som gjeld omstilling og effektivisering er lagt samla på ansvar 2000.

I strategiplanen for oppvekstsektoren er nokre av måla at born og unge opplever motivasjon og meistring, at det vert stimulert til kreativitet og at ein styrkar identitet og sosial kompetanse. Vidare er målsettinga livsmeistring, eit godt arbeidsmiljø for alle og fokus på kompetanseutvikling hos dei tilsette. Samnanger kommune har som mål at ein skal vera over snittet i Hordaland på nasjonale prøvar og elevundersøkinga, og ha nulltoleranse mot mobbing.

Målsetjingar for 2019 - 2022

BARNEHAGE

Ny rammeplan vart sett i verk 1. august 2017. «Tid for leik og læring – Betre innhald i barnehagen». Kommunen som barnehageeigar skal framleis leggja til rette for implementering. Rammeplanen vert grunnlaget for kommunen sitt tilsyn med alle barnehagane i kommunen.

Rett til barnehageplass gjeld for born som fyller 1 år innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass.

Frå 1.august 2018 gjeld ny norm for pedagogisk bemanning. Barnehagen skal ha minst ein pedagogisk leiar per sju born under tre år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Eit barn til utløysar krav om ei ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar.



Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

Frå 1. august 2019 gjeld ny norm om bemanning. Tettleiken vert ein tilsett per tre born under tre år og per seks born over seks år.

Tettleiken i høve til bemanning i barnehagen ligg i dag over kravet. Bakgrunnen for dette er at ein har prioritert planleggingstid for dei pedagogiske leiarane.

Etter §19g i barnehagelova har kommunen plikt til å legga til rette for barn med nedsett funksjonsevne. Det skal leggjast vekt på tilrettelegginga si effekt på å byggja ned funksjonshemmande barrierar i barnehagen. Dette er oppmodingar som kommunen kan få frå føresette gjennom barnehageåret og som kan føra til kostnader for kommunen.

Kommunebarometeret:

Alle styrarar og leiarar i dei kommunale barnehagane i Samnanger har godkjend utdanning.

37 % av andre tilsette i kommunale barnehagar har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er på 36%. Samnanger kommune legg til rette for etter- og vidareutdanning og har som mål å halda fram med denne kompetansehevinga. Dette er i tråd med kjerneverdiane kvalitet og framsynt, samt ein del av lokalt nærværsprosjekt «Nøkkelen? Eg og du» i barnehagane.

Samnanger kommune har få menn tilsett i barnehagen og er bevisst på dette i rekrutteringsarbeidet.

Ifølge statistikken har alle barn med lovlista rett på barnehageplass, fått plass i Samnanger. Det er bra, og slik situasjonen burde vere i dei aller fleste kommuner. Samnanger kommune ligg heilt på grensa når det gjeld pedagogettleik. Auka tal sokjarar med rett til plass vil utløysa fleire pedagogar. I tillegg har kommunen jamnleg born utan lovlista rett på sokjarlista. Vurderingane her må takast kontinuerleg, då det å ikkje få tilbod om plass mellom anna kan vera ei medverkande årsak til at føresette vel å la borna gå i barnehage i andre kommunar, noko som igjen fører til utgifter for kommunen.

SKULE

Budsjettet er bygd opp med grunnlag i timesøknadsskjema. I skjemaet er grunnressurs til klassane (lærarnorm), trong for styrking der ein til dømes vurderer å dela klassar utover det lærarnorma tilseier, spesialundervisning og assistent m.m. spesifisert.

Samnanger kommune og Samnanger barneskule har fokus på å auka nærværsprosenten blant dei tilsette.

Ny lærarnorm

Frå 1. august 2018 gjeld ny lærarnorm. Norma set krav til ein lærar pr 16 (15 frå 1. aug. 2019) elevar på 1.-4. trinn og ein lærar pr 21 (20) elevar på 5.-7. trinn og 8.-10. trinn. Norma fortel kor høg lærartettleiken skal vera på hovudtrinna. Det vil seie at ein ser 1.-4. trinn under eitt, 5.-7. trinn under eitt og 8.-10. trinn under eitt. Organiseringa av undervisninga er opp til kvar skule. Det kan vera fleire elevar enn 16/21 nokre timer og færre andre timer.

Samnanger barneskule og Samnanger ungdomsskule ligg begge over norma når det gjeld lærartettleik. I barneskulen har ein mellom anna deling på fleire trinn, noko som aukar tettleiken. Desse vala er gjort ut frå kva ein vurderer som naudsynt for å gje elevane best mogeleg læringsutbyte. På ungdomsskulen er noko av bakgrunnen for at ein ligg over norma at fleire fag krev deling av praktiske årsaker som kunst & handverk, mat & helse og enkelte kroppsøvingstimar.

Vidare krev opplæringslova at ein skal tilby fleire valfag pr trinn, dette er også med på å auka timetalet/norma. Ein har i tillegg auka talet delingstimar som eit tiltak for å inkludera fleire i den ordinære undervisninga, og soleis ha som mål å redusera talet på timer til spesialundervisning.

I St. meld. 21 «Lærelyst –tidleg innsats og kvalitet i skulen» er det tydelege krav og forventing til styringssignal til kommunane. Kommunen har plikt til å tilby intensiv opplæring i lesing, skriving eller rekning på 1-4. trinn for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av undervisninga. Midlar som tidlegare var knytt til dette gjennom «Tidleg innsats» vert vidareført, men inngår no til å dekka kostnadane i samband med ny lærarnorm.

Læringsmiljø

Skulane skal jobba for eit godt læringsmiljø. Opplæringslova gjev alle som arbeider i skulen aktivitetsplikt dersom ein får mistanke om eller kjennskap til at elevar ikkje har eit trygt og godt psykososialt miljø. Terskelen for å melda frå skal vera låg. Det vert innført tvangsmulkt for kommunar som ikkje overheldt aktivitetsplikten.

Eit godt læringsmiljø omhandlar det psykososiale miljøet, som klasseleiing, elev-vaksen-relasjon, sosial kompetanse, samarbeid heim-skule og psykisk helse. Eit godt læringsmiljø omhandlar vidare det fysiske miljøet og rett kompetanse hos dei tilsette. Skulane jobbar kontinuerleg for å oppretthalda eit godt læringsmiljø og for å forbetra område der det er naudsynt. Dette er i tråd med strategiplanen for oppvekst.

Barn som kjem til Noreg har rett på grunnskuleopplæring seinast innan 1 månad, dersom det er sannsynleg at dei oppheld seg meir enn 3 månader i landet.

Kommunebarometeret:

Grunnskulen i Samnanger leverer svært godt på dei fleste nøkkeltala i kommunebarometeret, og ligg samla på 24. plass. I tillegg til at ein leverer gode resultat både på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng, er det positivt at andel elevar som fullfører vidaregående er stigande. Forsking syner at det er ein klar samanheng mellom opplæringa gjennom barnehage og grunnskule når det gjeld fråfall i vidaregåande skule.

Frå 2025 vert det auka kompetansekrav for undervisning i grunnskulen. Det er viktig at ein legg til rette for vidareutdanning og at ein er framsynt ved tilsetjingar.

- Læringsmiljø og systemretta arbeid innan sosial kompetanse
- Inkluderande læringsmiljø. Redusera tal timer som går til spesialundervisning
- Gje elevane vurderingar som fremjar vidare læring, og gjev eit betre læringsutbytte. Organisera det tradisjonelle lekseareidet på ein måte som gjev auka motivasjon for skulearbeid
- Meir song i skulen
- Auka nærvær
- Implementera Skooler som læringsplattform
- Gjera seg kjent med ny læreplan som trer i kraft 2020

SFO (skulefritidsordning)

Mål:

SFO skal gje eit godt tilbod til dei som har trøng for skulefritidsordning. SFO vert bemanna og drifta etter forskrifa som gjeld SFO. Forskrifta med 1:15 bemanning som grunnressurs. Vedtekten er godkjend av kommune-styret. SFO skal så langt som mogeleg finansierast etter prinsipp om sjølvkost.

- Læringsmiljø og systemretta arbeid innan sosial kompetanse
- Inkluderande læringsmiljø. Redusera tal timer som går til spesialundervisning
- Vurdering for læring –kompetanseheving hos dei tilsette. Auka læringsutbyte for elevane
- Auka nærvær
- Implementera Skooler som læringsplattform
- Gjera seg kjent med ny læreplan som trer i kraft 2020
- Læringsmiljø og systemretta arbeid innan sosial kompetanse
- Ynskje om å betra det fysiske utedamiljøet og tilhøva i kantina



Markering av verdsdagen for psykisk helse Samnanger ungdomsskule.

VAKSENOPPLÆRING

Mål:

Spesialundervisning:

Vaksne som får sakkunnig vurdering etter §4A-2 og §5-1, har rett på vaksenopplæring. Samnanger kommune har ansvar for at desse elevane får opplæring etter enkeltvedtak og individuell opplæringsplan.

Norskopplæring:

Personar som buset seg i Samnanger, og som har rett/plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, skal få tilbod om opplæring. Kommunen kjøper pr. i dag denne tenesta frå Fusa kommune og Nygård skule.

Elevane får då den opplæringa dei har rett på og får ta dei nødvendige prøvar for å kunne bu og jobba i Noreg.

Flyktningane som er busett i Samnanger kommune, skal få opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og høve til å ta prøve i desse faga, som ein del av introduksjonsprogrammet, gjerne kombinert med språkpraksis.

PPT (pedagogisk-psykologisk teneste)

Mål:

PPT tettare på og meir systemretta arbeid

Samnanger kommune starta 1. juni 2018 opp med eige PPT-kontor. Målet er å kunna driva meir systemretta arbeid og vera tettare på barnehage og skule. Dei første månadane har ein jobba mykje med å gjera seg kjent med både born og tilsette, men ikkje minst med å få oversikt og ta tak i saker som har lagt på vent.

PPT må kunna jobba systemretta. Skulane treng hjelp med å organisera klassar og grupper, tidleg innsats og spesialundervisning på ein slik måte at elevane skal føla seg inkluderte. Det må vera eit samspel med PPT når det gjeld skulen sine rammer og trøng for spesialundervisning for enkeltelevar. Ved å ha PPT tettare på dei ulike einingane, vil det vera lettare å tilpassa trøngen for spesialundervisning inn mot grupper/klassar. Arbeid i lag med ressursteamet på skulen er ein viktig del av dette. I ressursteam skal rektor på skulen og spes.ped-leiar vera representerte i lag med PPT.



Samnanger barneskule og Dråpeslottet barnehage.

SAMNANGER KYRKJESTYRE

Rådmannen har i framlegget til driftsbudsjett for 2019 og resten av åra i økonomiplanperioden lagt inn den budsjettsummen til Samnanger kyrkjestyre som går fram av kommunestyret sitt vedtak 13.09.2018 i (sak 037/2018). Budsjettsummen er 2.650.000 kroner.



INVESTERINGSTILTAK 2019 - 2022

- Avløp
- Vatn
- Kommunale vegar mm
- Bufelleskap
- Ras- og flaumsikring
- Badevik på Bjørkheim
- Ungdomsskule—kantine og uteområde
- IKT-samarbeid
- Digitale verktøy

Låneopptak 2019

- KS vedtak 39/18	
finansiering av bufelleskap på Skottabakken og ras- og flaumsikring:	
Nytt lån	22 mill. kroner
Byggelån	10,486 mill. kroner

INVESTERINGAR

Kommunen har gjennomført store investeringar dei siste åra. Sjukeheim, bibliotek og VA-anlegg på Bjørkheim er dei siste som er fullført. I september 2018 er det og fatta vedtak om at det skal byggast bufelleskap på Skottabakken. Arbeidet startar opp i slutten av 2018. Området på Reistad skal i tillegg ras- og flaumsikrast. Det er brukt ein del pengar på sikkerheit som opprusting av bruver, rekverk mm.

I 2019-budsjettet er det Skottabakken som skal ferdigstilla. Elles er hovudfokuset i økonomiplanen å renovere og bygge ut vass- og avløpsanlegget. I 2019 er det Indre—Ytre-Tysse som skal prioritert. Vegen på Tveit skal renoverast med grunnarbeid og asfalt.

Lånegjelda til kommunen er høg og større investeringsprosjekt som må lånefinansierast bør vurderast nøyne.

Kort om investeringstiltaka som skal gjennomførast i 2019 - 2022:

Avløp

Ytre-Tysse har stått for tur lenge. Skifte av einingsleiar har gjort at arbeidet som var planlagt i 2018 er utsett til 2019. Estimert kostnad 3 mill. kroner. Avløpsnett og anlegg er blitt nedprioritert i fleire år. Det er no lagt inn 2 mill. kroner årleg fra 2020 til renovering og utbetring.

Vatn

Høgdebassenget i Nordbygda tilfredsstiller ikkje krav frå mattilsynet. Tiltaket var planlagt utført i 2018, men er ikkje starta opp. Estimert kostnad 1,4 mill. kroner.

Det er behov for å sikra vatn til Ytre-Tysse. Sjøleidningen som i dag forsyner området er gamal og eit alternativ må på plass. Vassleidningen langs Tyssevegen må og renoverast. Estimert kostnad 3 mill. kroner.

Det er krav om at kommunen skal ha reservevassforsyning for Myra vassverk. Planlegging skal gjerast no og tiltaket er lagt inn i økonomiplanen i 2020 med 3 mill. kroner.

Frå 2020 er det årleg lagt inn 2 mill. kroner til renovering av eldre vassleidningar og forlenging av nettet.

Kommunale vegar

ROS-analyse ligg til grunn for kva som er prioritert. Sikring av bru på Jarland var planlagt i 2018, men er utsett til 2019. 1,6 millionar til utbetring av veg på Tveit er lagt inn i budsjett 2019. Det er også lagt inn 1 mill. kroner til renovering av vegar i økonomiplanperioden. Det er også lagt inn midlar til merking og skilting av vegar mm i 2019. Frå 2020 er det lagt inn midlar til å skifte ut veglys med LED-lys, kr 200 000 årleg.



Trafikksikringstiltak-tiltak og andre tiltak veg

For å kunne brøyte fleire vegar samstundes er det nødvendig å kjøpa inn brøyteskjer til den tredje traktoren. Kostnad kr 120 000.

Gangsti til Hagabotnane er 2. prioritet i TS-planen. Den har og høg folkehelsegevinst og treng berre ei kort planleggingstid våren 2019. Det er sett av kr 375 000 til få stien realisert med fast dekke og lys frå Steinsland/Gjerde til Hagabotnane. Det vert og søkt om tilskot frå fylket/organisasjonar/bedrifter.

Omlegging av kryss og busstopp på Ådland er 1. prioritet i TS-planen. Arbeidet vil først (2019) bestå av planlegging av nytt kryss saman med fylkeskommunen. Totalkostnad er stipulert til kr 675.000, kor me bør rekne med evt å få TS-tilskot frå fylket/vegvesen på deler av kostnaden i 2020.

Kommunale bygg

Skottabakken skal ferdigstilla i 2019.

Det skal utarbeidast plan for bygningsmassen og uteområda til kommunen. Det er difor ikkje lagt inn nye tiltak i investeringsbudsjettet no. Planen skal vera ferdig til junimøtet i kommunestyret 2019, og gje grunnlag for investeringane i økonomiplanperioden og 10 år framover.

IKT Norhordland

Kostnad ved å flytte serverar og skifte ut eldre utstyr er lagt inn i budsjett for 2018, der finansiering var meir-inntekter ved sal av konsesjonskraft. Overgangen er forseinka i påvente av vedtak i dei andre kommunane. Det vil bli inngått avtale om kjøp av tenester fram til endeleg avtale er på plass. Unytta midlar i 2018 vert sett av på disposisjonsfond og er lagt inn i budsjett 2019. Totalkostnad er estimert til 1,25 mill kroner. 1,060 mill kroner er i budsjett 2019.

Utskifting av nettbrett

Me legg til grunn same løysing for folkevalde som i dag. Det vart i 2015 og 2016 kjøpt inn nye nettbrett til folkevalde i kommunen, totalt ca. 40 nettbrett. Forventa levetid på nettbretta er 4 år. Det vil seia at det truleg vil vera behov for å kjøpa inn nye nettbrett til kommunestyreperioden som startar hausten 2019.

Andre tiltak

Digitale verktøy og skifting av løn- og økonomisystem.

Justeringsrett momskompensasjon bibliotek i samsvar med Kommunestyrevedtak. Dette er ikkje ein kostnad for kommunen.

Ras- og flaumsikring Reistad skal ut på anbod og arbeidet skal vera ferdig i løpet av 2019.

Prestebustaden vart selt september 2018 for 3,8 mill kroner, med overtakingsdato i 2019. Netto gevinst vert sett av til ubunde investeringsfond.

Ungdomsskulen har behov for å renovere kantina, og dei ynskjer og eit uteområde som gir meir aktivitet. Det er lagt inn ein sum på kr 100 000 som ungdomsskulen prioriterer. Det bør og søkast om midlar til delar av tiltaket.

Bruk av arv Samnangerheimen: Huset som Samnangerheimen arva vart selt for 3 mill kroner. Det er vedtatt at det skal brukst inntil kr 375 000 årleg. Eininga bestemmer sjølv korleis midlane skal disponerast, men det må vera investeringstiltak.

BOF badevik på Bjørkheim

Oppgradering av badevika på Bjørkheim skal bli finansiert bla med tippemidlar, tilskot frå staten og gjennom fond. Totalkost på anlegget er estimert til 2,5 mill kroner.

KLP eigenkapitaltilskot

Eigenkapitaltilskot blir ført i investering og kan anten finansierast med overføring frå drift eller bruk av ubunde investeringsfond. Me har i økonomiplanperioden finansiert tilskotet med bruk av fond.

Startlån/ forvaltningslån

Innbetaling og avdrag på startlån vert ført i investering og vert betalt av låntakar. Kommunen tok opp lån i 2018 på 2 mill kroner og har pr oktober ca 2,3 mill kroner som ikkje er lånt ut. Det er ikkje lagt inn låneopptak i 2019.

Refusjon forskottering Tyssetunnelen

Samnanger kommune får utbetalt refusjon på forskottering med 25 mill kroner pr år frå og med 2016 til og med 2019. 23,25 mill. kroner av dette vert vidareformidla til dei andre kommunane og bedriftene som var med og forskotterte. Samnanger sin del som er på 1,75 mill. kroner pr år vert sett av til ubunde investeringsfond.

Tippemidlar til krøllgrasbana og friidrettsbana

Søknad om tippemidlar til krøllgrasbana er godkjent og kommunen vil få utbetalt 1,2 mill kroner i 2018. Me sender inn søknad om restsum på 1,3 mill kroner i 2019 og forventar å få midlane utbetalt.

Det er også søkt om tippemidlar til friidrettsbana på 1,056 mill kroner, men har ikkje fått tildelt noko endå. Søknadane er godkjent og kommunen kjem til å få midlar. Utbetaling er lagt inn i økonomiplanen i 2020. Mottatte tippemidlar vert sett av til nytt ubunde investeringsfond jfr vedtak om lån frå fondet.

Oversikt over investeringar i budsjettframlegget i 1.000 kr:

Tiltak	2019	2020	2021	2022	Finansiering	Merknad
KS 39/18 Bufellesskap	43 300	10 486	0	0	Lån, moms og tilskot	Oppstart i 2018
KS 39/18 Ras- og flaumsikring	5 000	0	0	0	Lån og moms	
KS 35/17 justeringsrett bibliotek	154	154	154	154	Moms	Ingen utgift
VA Tysse	6 000	0	0	0	Lån	Overført frå 2018
VA renovering	0	4 000	4 000	4 000	Lån	
Høgdebasseng Nordbygd	1 390	0	0	0	Lån	Overført frå 2018
Reservevassforsyning til Myra	0	3 000	0	0	Lån	
Renovering av kommunale vegar	2 000	1 250	1 250	1 250	Lån og moms	
Bruer - sikring Jarland	563	0	0	0	Fond og moms	Overført frå 2018
Brøyteutstyr	150	0	0	0	Fond og moms	
Veg - adressering, skilt og merking	313	0	0	0	Fond og moms	
Veg - skifte til LED-lys på kommunale vegar	0	200	200	200	Fond og moms	
Årland - nytt kryss	0	625	0	0	Fond og moms	
Gangsti til Hagabotnane	375	0	0	0	Fond og moms	Overført frå 2018
	0	0	0	0		
Skifte løn- og økonomisystem	0	1 380	0	0	Fond og moms	
Skifte verktøy for budsjett og rapportering	0	138	0	0	Fond og moms	
IKT Norhordaland samarbeid	1 060	0	0	0	Fond og moms	Overført frå 2018
	0	0	0	0		
Samnangerheimen - bruk av arv	469	469	469	469	Fond og moms	
BOF - badevik på Bjørkheim	2 500	0	0	0	Fond, tilskot og moms	
Ungdomsskulen . Kantine og uteområde	125	0	0	0	Fond og moms	
Utskifting av nettbrett folkevalde	154	0	0	0	Fond og moms	
Sum investering i bygg og anlegg	63 552	21 701	6 073	6 073		
Avsett til fond tilbakebetalt forskottering tippemidlar	1 300	1 056	0	0		
Refusjon forskottering Tyssetunellen, avsett til fond og vidareformidla forskottering	25 000	0	0	0		Avsett til fond kr 1,75 mill
Sal av prestebustad	3 800	0	0	0		Avsett til fond kr 3,6 mill
KLP eigenkapitaltilskot	691	691	691	691	Fond	
Avdrag startlån	267	270	273	276		
Nytt startlån	0	0	0	0	Lån	
Sum andre investering tiltak	31 058	2 017	964	967		
Sum investering	94 610	23 718	7 037	7 040		

Finansiert med :	2019	2020	2021	2022
- Fond nytt ubunde investeringsfond	0	0	0	0
- Fond ubunde investeringsfond	-2 320	-2 556	-1 066	-1 066
- Fond Samnangerheimen	-375	0	0	0
- Næringsfondet	0	0	0	0
- Fond Sima-Samnanger	-345	0	0	0
- Disposisjonsfondet	-1 060	0	0	0
Sum Fond	-4 100	-2 556	-1 066	-1 066
- Låntatt opp tidlegare	-14 804	0	0	0
- Nye lån inkl startlån	-32 486	-8 500	-5 200	-5 200
sum lån	-47 290	-8 500	-5 200	-5 200
- Tilskot (Husbank, tippemidlar, mm)	-2 700	-11 542	0	0
Sum tilskot	-2 700	-11 542	0	0
- Sal	-3 800	0	0	0
- Momskompensasjon	-11 453	-850	-498	-498
- Tilbakebetalt forskottering	-25 000	0	0	0
- avdrag startlån	-267	-270	-273	-276
Sum annet	-40 520	-1 120	-771	-774
Sum finansiering	-94 610	-23 718	-7 037	-7 040



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Vedlegg 1.

Skriv frå fylkesmannen om Statsbudsjettet 2019 -
kommuneopplegget



Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
08.10.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/6430 339
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

STATSBUDSJETTET 2019 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunktene i framlegget til statsbudsjettet for 2019.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Det økonomiske opplegget for 2018

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 1,0 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr 2,1 mrd. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 1,0 prosent til 2,4 prosent, i høve til faktisk innkomsten skatt i 2017.

Bakgrunnen for høgare skattevekst for kommunane er ekstraordinært store uttak av utbytte til personlege skattytarar for inntektsåret 2017.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) var i revidert nasjonalbudsjett 2,6 prosent. Pårekna lønsvekst var 2,8 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Den pårekna pris- og kostnadsveksten i kommunane for i år er no justert opp til 3,0 prosent. Kostnadsveksten skuldast auka straumprisar. Pårekna lønsvekst er uendra frå revidert nasjonalbudsjett, 2,8 prosent.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2019

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2018 til 2019 med 1,8 prosent. Låg pårekna skattevekst frå 2018 til 2019 skuldast meirskatteinntektene i år. Pårekna skatteinntekter i 2019 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,3 prosent) og lønsvekst (3,25 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir redusert frå 11,80 prosent i 2018 til 11,55 prosent i 2019.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2019.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,8 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlige rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- lønsvekst 3,25 prosent
- varer og tenester 2,0 prosent
- samla prisvekst 2,8 prosent.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2019. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2017. Dette grunnlaget er justert opp med same prosent som pårekna skattevekst i 2018 og 2019.

I berekning av skatteprognose for 2019 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2017 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2017. Denne skatteprognosene er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Veksten i rammeoverføring frå vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- endring i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre eller psykisk utviklingshemma) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot /småkommunetillegg.

Priskompensasjon frå 2018 til 2019 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene i vedlagt tabell.

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2018 til 2019 med 2,6 mrd. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Meirskatteinntektene kr 2,1 mrd. er med andre ord ikkje med i dette samanlikningsgrunnlaget frå 2018.

Veksten i samla inntekter frå 2018 til 2019 (kr 1,9 mrd.) er lågare enn veksten i frie inntekter (kr 2,6 mrd.). Det skuldast at dei store utbetalingane frå Havbruksfondet, som ikkje inngår i dei frie inntektene men er ein del av samla inntekter, ikkje blir vidareførte frå 2018 til 2019.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2018 til 2019 (+ 2,8 prosent) vil kome som eit tillegg i inntektene. Heile realveksten i dei frie inntektene vil gå til kommunane, ikkje noko til fylkeskommunane. Vi viser til punkt 1 under.

Det er lagt opp til at realauken i dei frie inntektene frå 2018 til 2019 skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr 1,6 mrd. i pårekna meirutgifter knytt til demografi, både med omsyn til folkevekst og alderssamsetjing. Dette er den delen av meirutgifter demografi som må bli dekt av veksten i dei frie inntektene.

Meirutgiftene knytt til demografi for kommunesektoren samla er lågare enn dette. Dei er rekna til kr 1,0 mrd. Det skuldast at demografi utgiftene for fylkeskommunane er pårekna å bli reduserte i 2019 på bakgrunn av nedgang i aldersgruppa 16 - 18 år.

2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene reknast til mellom kr 0,5 mrd. og kr 0,6 mrd. (kr 0,7 mrd. for heile kommuneforvaltninga). Det er stor uvisse knytt til desse overslaga.
3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsingsområde:
 - kr 200 mill. til opptrappingsplan for rusomsorg. Det er eit trinn i ein opptrappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020
 - kr 200 mill. til tidleg innsats i skulen
 - kr 100 mill. til opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2018 til 2019 med 2,9 prosent. Denne veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år, medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Denne veksten for kommunane samla i Hordaland er 3,0 prosent.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigerte for dette, også i vedlagt tabell, slik at det ikkje inngår i prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

Aktuelle saker

Psykologar i kommunane

Frå 1. januar 2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse. Fram til denne plikta trer i kraft vil kommunar som rekrutterer psykologar kunne ta imot eit årleg tilskot per psykologårsverk. Det er framlegg om å auka løyvinga, øyremerkt tilskot kapittel 765 post 60, med kr 50 mill. for 2019, som svarer til 125 nye psykologstillingar.

Utskrivingsklare pasientar

Kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar blei innført for pasientar i somatiske døgnavdelingar i 2012. Det skal bli innført betalingsplikt også for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av rusavhengige (TSB). Det blir difor overført kr 185 mill. frå regionale helseføretak til kommuneramma. Det vil vere opphaldskommunen som får plikt til å betala for utskrivingsklare pasientar.

Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering

Stortinget har vedteke ein opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering for åra 2017 - 2019. I 2019 er kr 100 mill. av veksten i dei frie inntektene grunngitt med opptrappingsplanen. Midlane blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for helse i inntektssystemet.

Dette skal bidra til at brukarane kan ta imot tenester der dei er busette.

Opptrappingsplan for rus

Det er som nemnd ein opptrappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020. Satsinga kjem i hovudsak ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunngitt med satsinga på rusomsorg.

For 2019 er det lagt opp til ei ytterlegare opptrapping av rammetilskotet med kr 200 mill. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektsystemet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Rammetilskot knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2018 til 2019, med priskompensasjon. For 2019 blir rammetilskotet knytt til føremålet kr 877,4 mill. Midlane blir fordelt mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 01. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens.

Tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod for personar med demens blir vidareført. Det er framlegg om å leggja til rette for om lag 450 nye plassar i 2019.

Kommunar som etablerer nye dagaktivitetsplassar i 2019, vil få auka tilskotssats for desse som svarer til om lag 50 prosent av pårekna kostnader. Ved vidareføring av oppretta plassar frå 2012 - 2018 vil kommunane få tilskot på 30 prosent av pårekna kostnader, som er den same tilskotssatsen som for 2018.

Innlemming av bustadsosiale tilskot i rammetilskotet

I 2017 og 2018 vart nesten kr 40 mill. av øyremerk tilskot til bustadsosialt arbeid innlemma i rammetilskotet. For 2019 er det framlegg om å innlemma ytterlegare kr 8,9 mill. i rammetilskotet.

I 2017 og 2018 vart om lag kr 20 mill. av øyremerk bustadsosialt kompetansetilskot innlemma i rammetilskotet. For 2019 er det framlegg om å innlemma ytterlegare kr 15,6 mill. i rammetilskotet.

Tilskot frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Totalt kr 169,9 mill. vart fordelt med særskilt fordeling i 2018 i rammetilskotet.

I 2019 blir beløpet frå 2018 prisjustert, i tillegg til ytterlegare kr 7,4 mill. til føremålet. Totalt kr 187,4 mill. blir fordelt med særskilt fordeling i 2019 i rammetilskotet, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Sjukeheimspllassar og omsorgsbustader

For 2018 gir tilsegnssramma, etter revidert nasjonalbudsjett, grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2500 plassar med heildøgnomsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimspllassar. For 2019 er det framlegg om ei tilsegnramme som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 1500 einingar.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgspllassar som gir netto auke i det samla talet på plassar i kommunen. 50 prosent av tilsegnssramma skal i 2019 gå til netto vekst i talet på plassar.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2019 er basert på direkte lønsutgifter i 2018 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2019:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr 1,235 mill. til kr 1,320 mill. for netto utgifter i 2018. Det inneber ein auke på kr 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2018 (2,8 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2019 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2018. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Barnehagar

Regjeringa gir framlegg om å utvida dagens ordning med gratis kjernetid for tre-, fire- og fem-åringar til også å omfatta toåringar, frå 1.august 2019. Framlegget vil gi familiar med låg inntekt eit rimelegare barnehagetilbod. Det blir lagt inn kr 45,7 mill. i rammetilskotet for 2019.

Maksimal foreldrebetaling aukar med kr 50,- per månad frå 1.august 2019. Det blir trekt ut kr 65,8 mill. frå rammetilskotet i 2019.

Lærarnorm

Frå 2015 er det løyvd øyremerkte midlar til auka lærarinnsats på 1. - 4. trinn i grunnskulen. Frå og med hausten 2018 er det innført ein nasjonal lærarnorm på skulenivå 1. - 10. trinn. Total løyving i 2018 var om lag kr 1,4 mrd.

Det er framlegg om å vidareføra den øyremerkte løyvinga til fleire lærarårsverk i 2019. I tillegg er kr 200 mill. av veksten i dei frie inntektene i 2019 grunngitt med ein særskilt satsing på tidleg innsats i skulen.

Både dei nemnde kr 200 mill. av veksten i dei frie inntektene og om lag kr 1,0 mrd. av den øyremerkte løyvinga vil bli fordelt mellom kommunane etter grunnskulenøkkelen i inntektsystemet.

Kommunereform

Inndelingstilskot

Årlege inndelingstilskot vil erstatta bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/ reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåing. Den nye kommunen vil ta imot fullt inndelingstilskot i femten år etter samanslåing, før tilskotet deretter blir trappa ned over fem år. Tilskot blir tillagt årleg priskompensasjon.

For allereie vedtekne samanslåingar i kommunereform 2014 - 2017 vil det årlege inndelings-tilskotet, som blir utbetalt frå og med iverksetjing av samanslåing år 2020, vere basert på inntektsystemet i 2016. Det vil seie før endringane i inntektsystemet i 2017. Basistilskotet i 2016 var kr 13,2 mill. per kommune.

Kompensasjon for redusert basistilskot og småkommunetilskot - overgangsordning (2017 - 2019)

I 2017 og 2018 er det gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som skal slå seg saman. Kompensasjonen blir gitt dersom kommunen mellombels (2017 - 2019) får redusert basistilskot og småkommunetillegg som følgje av omlegginga av inntektsystemet i 2017, før kommunen får inndelingstilskot frå og med år 2020.

Denne kompensasjonen vart justert opp i saldert statsbudsjett for 2018 som følgje av redusert kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR frå 2017 til 2018.

Fordelinga i 2019 er ei vidareføring av fordelinga i 2018, med prisjustering.

Regionsentertilskot

Tilskotet går til kommunar som slår seg saman når den nye samanslåtte kommunen vil bli meir enn om lag 8000 innbyggjarar. Det blir ikkje gitt regionsentertilskot til kommunar som mottek storbytilskot.

Regionsentertilskotet er fordelt mellom framtidige samanslåingskommunar med ein sats per samanslåing (60 prosent av ramma) og ein sats per innbyggjar (40 prosent av ramma). Fordelinga mellom kommunane i kvar samanslåing er gjort på grunnlag av innbyggjartalet.

Tilskotet vart innført i 2017. Ramma for tilskotet er utvida frå kr 100 mill. i 2017 til kr 200 mill. i 2018. Det er framlegg om å vidareføra regionsentertilskotet med ei ramme på kr 200 mill. i 2019. Det vil seie at dette tilskotet ikkje blir prisjustert frå 2018 til 2019.

Ufrivillig åleine

Det er for 2017 og 2018 gitt kompensasjon til kommunar som er blitt ståande ufrivillig åleine etter kommunereforma og som tapte på omlegginga av inntektssystemet i 2017.

I 2018 er det gitt kompensasjon til to av kommunane i fylket, Stord og Kvam.

I 2018 er den samla ramma for denne kompensasjonen på landsbasis kr 40 mill. Det er framlegg om å redusera den samla ramma til kr 20 mill. i 2019 og avvikla ordninga frå år 2020.

I brevet vårt av 23. mai d.å. til kommunane om kommuneopposisjonen 2019 er det gitt nærmare informasjon om ny kommunereform for nye kommunenesamanslåingar.

Inntektssystemet i 2019

Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i inntektssystemet frå 2018 til 2019.

Dei regionalpolitiske tilskota blir prisjusterte frå 2018 til 2019 (med unntak av regionsenter-tilskotet). Det omfattar distriktstilskot med småkommunetillegget, veksttilskot og storby-tilskotet.

Veksttilskotet for 2019 vil bli gitt til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4 prosent eller meir dei siste tre åra. Veksttilskotet blir gitt som eit fast tilskotsbeløp per ny innbyggjar utover vekstgrensa. Tilskotssats for 2019 er i framlegget kr 58.792,- etter prisjustering til 2019 - tal.

Samla løyving til veksttilskotet blir redusert frå 2018 til 2019 som følgje av at færre kommunar har hatt høg befolkningsvekst i den siste tre- årsperioden.

Det vil vere endringar i distriktstilskot med småkommunetillegget for nokon kommunar frå 2018 til 2019 som følgje av endring i distriktsindeks og endringar i innbyggjartalet. Ved fordelinga av distriktstilskot for 2019 blir dagens distriktsindeks vidareført, men oppdatert med tal for 2017.

